

TITTEL

# Bygningsvern-undersøkinga

UTGJEVAR

Fellestjenestene  
for musea i  
Rogaland

UNDERTITTEL

*Erfaringar frå Rogaland*

ÅR

2020



## **Bygningsvernundersøking. Erfaringar frå Rogaland**

**Framsida:** Handverkar ved Jærmuseet, Odd-Geir Rosland, legg på plass takpanner som vinden har flytta på. Dette er eit døme på faste vedlikehaldsoppgåver som handverkarane ved musea gjer. Biletet er frå ei tilstandsvurdering av tørka og kvernhuset på Nord-Varhaug i Hå kommune. Foto: Kirsten Hellerdal Fosstveit.

**Foto i rapporten:** Alle foto er tekne av Kirsten Hellerdal Fosstveit (Fellestjenestene i Rogaland) med mindre anna er nemnt i biletteksten.

**ISBN:** 978-82-90271-41-6 (trykt)

**ISBN:** 978-82-90271-42-3 (PDF)

**Trykk:** Gunnarshaug Trykkeri as

### **Utgjeven av:**

Fellestjenestene for musea i Rogaland

Nordenden 14

4230 Sand

Tlf.: +47 21 04 58 00

post@ryfylkemuseet.no

www.ryfylkemuseet.no

# **Bygningsvernundersøkinga**

Erfaringar frå Rogaland

UTARBEIDD AV

bygningsantikvar Kirsten Hellerdal Fosstveit  
(Fellestjenestene)

FOR

Dalane Folkemuseum  
Jærmuseet  
Museum Stavanger (MUST)  
Haugalandmuseet  
Ryfylkemuseet

# Innhold

1	Forord.....	5
2	Bakgrunn .....	7
2.1	Bestilling .....	7
2.2	Bygningsvern på musea (2011).....	7
2.3	Sysselsetjingsmidlar 2016 .....	8
2.4	Fellestjenestene .....	8
3	Metode .....	11
3.1	Registrering og vurdering.....	11
3.2	Innhenting av informasjon.....	14
3.3	Kategoriar og felt i undersøkinga.....	14
3.4	Tidsbruk .....	19
3.5	Arbeidsprosess .....	20
3.6	Bruk av Primus .....	20
4	Bygningssamlingane .....	23
4.1	Kva bygningar er del av samlinga?.....	23
4.2	Museumsfylket Rogaland.....	30
4.3	Bygningsvern på musea.....	59
5	Tilstand.....	65
5.1	Tilstandsgrad .....	65
5.2	Oppsummering.....	84
6	Ressursbehov .....	87
6.1	Tidlegare kartleggingar .....	87
6.2	Ressursbehovet på dei ulike musea.....	89
6.3	Kompetanse.....	96
6.4	Vaktmeisterrolla .....	98
6.5	Innleigde handverkarar .....	99
6.6	Erfaringar frå 2016.....	100
6.7	Modellar for å løysa ressursbehovet.....	101
6.8	Finansiering.....	102



7	Klima.....	105
7.1	Varmare, våtare, villare.....	105
7.2	Situasjonen i Rogaland .....	106
7.3	Musea som kunnskapsbank .....	112
7.4	Framtidig ressursbehov.....	114
8	Prioritering.....	117
8.1	Prioritering i bygningssamlinga .....	117
8.2	Tilrettelegging og bruk .....	119
8.3	Avhending.....	121
8.4	Oversikt og innsamling.....	122
9	Oppsummering.....	125
10	Kjelder.....	128







## Forord

Kulturdepartementet har bede musea om å gjennomføra ei bygningsvernundersøking i 2019. I Rogaland valde dei fem regionmusea å samarbeida om arbeidet, og denne rapporten legg fram resultatet av undersøkinga saman med erfaringar me har gjort oss.

I bestillinga frå departementet var det lagt vekt på tilstandsvurdering som ein viktig del av undersøkinga. Tilstand, saman med forslag til tiltak og ressursbehov, har såleis fått ein sentral plass i denne rapporten.

Me vonar erfaringane frå Rogaland kan ha overføringsverdi og interesse for andre museum og fagmiljø.

Rapporten er utarbeidd av bygningsantikvaren i Fellestjenestene i samarbeid med dei fem regionmusea i Rogaland: Dalane Folkemuseum, Jærmuseet, Museum Stavanger, Haugalandmuseet og Ryfylkemuseet.

Sand, januar 2020

*Kirsten Helledal Fosstveit*

Kirsten Helledal Fosstveit

BYGNINGSANTIKVAR FOR REGIONMUSEA I ROGALAND / FELLESTJENESTENE



DALANE  
FOLKEMUSEUM







I bygningsamlingane finn me mange gode døme på ressursutnytting og god materialforståing. Her er eit utsnitt som viser møtet mellom to av nausta i Solhåla på Karmøy. Bygningane blir forvalta av Haugalandmuseet.



# 1 Bakgrunn

Musea i Rogaland gjekk saman om arbeidet med bygningsvernundersøkinga. Dei siste åra har musea gjennomført fleire fellesprosjekt og vore del av ulike undersøkingar. Denne rapporten følgjer slik opp dette arbeidet og gode samarbeidet.

## 1.1 Bestilling

Bestillinga av undersøkinga kjem frå Kulturdepartementet. Musea fekk i brev datert 19. desember 2018 meldinga om at det skulle gjerast ei undersøking av bygningsvern på musea. Bakgrunnen for undersøkinga er arbeidet med ny museumsmelding.

I brevet heiter det:

*Museumsstatistikken viser at norske museer forvalter om lag 5000 kulturhistoriske bygninger, og bygningsvern er dermed ett av flere viktige temaer som vil måtte drøftes i meldingen. Flere museer har lagt ned et betydelig arbeid for å kartlegge tilstanden på de kulturhistoriske bygningene de forvalter, men departementet ser at det er behov for en landsdekkende kartlegging basert på enhetlige standarder.*

Tilstandsvurdering var altså ein sentral del av undersøkinga, men andre tema skulle òg kartleggast.

Kulturrådet blei sett til å koordinera arbeidet for Kulturdepartementet.

## 1.2 Bygningsvern på musea (2011)

På nettverksmøtet til *Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum* (Byggnettverket) i 2009 blei bygningsvern og museumsmeldinga<sup>i</sup> drøfta. Resultatet av denne drøftinga blei til ein uttale adressert til Kulturdepartementet. I notatet til departementet peika Byggnettverket på dei store utfordringane som ligg i forvaltninga av samlingane av kulturhistoriske bygningar på musea. Utfordringane Byggnettverket peika på, var mellom anna det store etterslepet og eit mildare og våtare klima.

Kulturdepartementet gav så Byggnettverket ved Ryfylkemuseet (vertsmuseum for nettverket) i oppdrag å stå føre arbeidet med ei utgreiing om dei kulturhistoriske bygningane som blir forvalta av musea i det nasjonale museumsnettverket i Rogaland. Departementet skriv i tildelingsbrevet at «det



Figur 1 – Brev frå Kulturdepartementet til musea.



Figur 2 – Rapporten Bygningsvern på musea frå 2011<sup>iii</sup>.

kan vera tenleg å ta til med ein analyse av bygningsbevaringa ved musea nettopp ved Ryfylkemuseet og hine musea i Rogaland fylke».

Byggnettverket såg at ein trong ei avgrensing av rapporten, og ein tenkte seg at resultatet av rapporten kunne ha overføringsverdi til musea i resten av landet. Rapporten blei utarbeidd av Roy Høibo ved Ryfylkemuseet.

### 1.3 Sysselsetjingsmidlar 2016

I statsbudsjettet for 2016 blei det lagt inn tiltakspakkar for auka sysselsetjing. Det blei då løyvt midlar (eingongstilsnitt) på til saman 17,3 millionar kroner til musea i Rogaland for å styrkja vedlikehaldet av bygningsmassen som desse musea forvaltar.

Midlane blei fordelte etter talet på bygningar, slik at dei med flest bygningar i samlinga fekk mest midlar.

Om lag 30 bygningar på musea i Rogaland blei løfta frå TG3- og TG2-nivå til vanleg vedlikehaldsnivå (TG1) som følgje av desse midlane.

Figur 3 – Stort oppslag i *Dalane Tidende* i 2016. Restaurering av sjøbua på Sogndalstrand hadde då stått høgt på prioriteringslista til Dalane Folkemuseum i mange år. Prosjektet var finansiert med sysselsetjingsmidlar frå Kulturdepartementet.



### 1.4 Fellestjenestene

For å følgja opp tiltaka i Regionalplan for museum 2011–2014 frå fylkeskommunen har det fram til 2017 blitt etablert ei rekkje fellestjenester<sup>ii</sup> for musea i Rogaland. Fellestjenestene består av eit konservatorsteam (tidlegare samlingsteam), ei fotoarkivarstilling og ei bygningsantikvarstilling. Stillingane blei oppretta som mellombelse prosjektstillingar, med den målsetjinga at dei etter kvart skulle forast vidare som permanente tenester når forma og innhaldet er godt etablerte. Frå januar 2020 er alle stillingane gjorde til faste stillingar.

Rogaland fylkeskommune finansierer Fellestjenestene, medan arbeidsgjevaransvaret er fordelt på tre av musea: Haugalandmuseet



(fotoarkivaren), Ryfylkemuseet (byggningsantikvaren) og Jærmuseet (konservatorteamet).

Telemarksforskning skriv i rapporten sin *Til lands og til vanns og på sokkelen med. Evaluering av museumsreformen i Rogaland<sup>xv</sup>* frå 2016 følgjande om Fellestjenestene:

*Satsingen på felles ressurstjeneste innenfor samlingsforvaltning har vært svært vellykket. Arbeidet synes å holde høy kvalitet og bidrar til å redusere etterslepet.*

*Den desentraliserte modellen der ressursene er stasjonert ved et museum og ambulerer på alle museene etter en arbeidsplan, ser ut til å fungere godt, og museene uttrykker at de er svært godt fornøyde med tjenesten.*



Figur 4 – Rapporten til Telemarksforskning frå 2016.



## 2 Metode

Musea har lagt ned store ressursar i bygningsvernundersøkinga. Arbeidet er tidkrevjande, men gir samstundes oppdatert informasjon og oversikt over bygningssamlingane. Verdien av informasjonen aukar med kvaliteten på undersøkinga. Dette har vore viktig for musea i Rogaland. Det er difor lagt opp til eit samarbeid om ein felles metode og om gjennomføringa av undersøkinga.

Ved årsskiftet 2018/2019 fekk musea meldinga om at det skulle setjast i gang ei omfattande undersøking av bygningssamlingane på musea. Årsplanane for 2019 var lagde, og det var ikkje budsjettert med korkje tid eller pengar til ei slik undersøking.

For musea i Rogaland var det difor naturleg å nytta seg av sin felles bygningsantikvar til dette arbeidet. Det var fleire fordelar med dette:

- Det er rasjonelt og effektivt når same personen gjer same jobben (mengdetrening, innarbeiding av metode).
- Musea får kalibrert nivået på tilstandsvurdering o.a., slik at dei får gode data.
- Bygningsantikvaren blir betre kjend med bygningssamlingane og får eit godt overblikk.

Noko av det same blei gjort i 2010/2011 i samband med forarbeidet til rapporten *Bygningsvern på musea*<sup>iii</sup>. Roy Høibo leia dette arbeidet og bad då musea sjølve vurdere tilstanden til bygningane. Høibo skriv i rapporten:

*Det vil likevel vera slik at jamførbare observasjonar av tilstand må ha eit felles utgangspunkt. Helst skulle same person vore rundt og vurdert alle bygningane ved sjølvsyn [...].*

Dette styrkte avgjerda om å la bygningsantikvaren i Fellestjenestene leia arbeidet med bygningsvernundersøkinga i Rogaland.

### 2.1 Registrering og vurdering

Bygningsantikvaren er den som har leia arbeidet og fungert som registrator, men kunne ikkje ha gjort undersøkinga åleine. Det var viktig at musea deltok med egne folk både på feltarbeida med tilstandsvurdering og i kvalitetssikringa av data undervegs.

Bilete til venstre:  
Tilstandsvurdering av sveitservillaen Breidablikk i Stavanger. Mathies Ekelund Erlandsen frå Museum Stavanger undersøker golv i eit påbygd inngangsparti.



### 2.1.1 Roller

Eit viktig metodisk grep var å dela inn i rollene «kjentmann» og «registrator»:

ROLLE	KJENTMANNEN	REGISTRATOREN
KVA	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kjenner bygningane</li> <li>• tolkar tilstand</li> <li>• foreslår tiltak</li> <li>• estimerer tidsbruk for gjennomføring av tiltak</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• registrerer opplysningar</li> <li>• dokumenterer tilstand</li> <li>• er ansvarleg for metode</li> <li>• «kalibrerer» mellom musea</li> <li>• registrerer i Primus</li> </ul>
KVEN	handverkar (ev. andre) frå det aktuelle museet	byggningsantikvar frå Fellestjenestene

Det var i hovudsak handverkarar ved musea som tok på seg rolla som kjentmann, og når det ikkje var handverkar med, var det i staden ein annan frå museet som arbeidde med bygningssamlinga (konservator eller liknande).



Figur 5 – Registrator, her representert ved byggningsantikvaren i Fellestjenestene, Kirsten Hellerdal Fosstveit. Foto: Mathies E. Erlandsen.



Figur 6 – Kjentmann, her representert ved Sven Hoftun, handverkar på Ryfylkemuseet.

Enkelte gonger stilte museet med fleire representantar på synfaringane. Dette gav grunnlag for ein breiare diskusjon der me fekk belyst fleire sider ved bygningssamlingane. Fleire museum nytta undersøkinga som høve til å få klarlagt og undersøkt fleire sider av bygningssamlinga. Til dømes gjennomførte Dalane Folkemuseum prioritering i bygningssamlinga samstundes med arbeidet med bygningsvernundersøkinga. Det er då viktig å vera merksam på at når musea gjer fleire kartleggingar parallelt, kan dette føra til at synfaringa tek lengre tid. Det krev òg at deltakarane på synfaringa er medvitne om når dei skiftar mellom ulike tema: tilstandsvurdering, verdivurdering, restaureringsfilosofi og historikk.

Erfaringar viser at rolledeling med *ein* registrator og *ein* kjentmann per synfaring fungerer best. Ein kunne tenkja seg at kjentmannen kunne gjera jobben like godt åleine, då han eller ho kjenner bygningen godt og veit kva han treng. Dersom undersøkinga berre hadde vore meint for intern bruk på det enkelte museet, kunne dette vore meir enn godt nok. Her var det imedan eit poeng at undersøkinga skulle gå på tvers av musea, og då er det ein fordel å ha med ein registrator som kan kalibrera nivået på tilstandsvurderinga. I tillegg kan registratoren bidra med eit «utanfråblikk» som kan vera interessant når ein skal undersøkje bygningssamlinga.

Verdien av kjentmannen, og då særskilt om dette er ein handverkar, må ikkje undervurderast. Det er avgjerande å ha med ein som kjenner bygningen inngåande, om me skal få rett skadebilete av bygningen. Det var fleire gonger situasjonar der registratoren peika på skadar i ein bygning, og der kjentmannen kunne vurdere omfanget av og konsekvensgraden skaden hadde, på staden: «Slik har den skaden sett ut dei siste tjue åra». Altså har skaden hatt låg konsekvensgrad.

### 2.1.2 Skjønn

Vurderingane som er gjorde i arbeidet med undersøkinga, er relative og subjektive storleikar. Dette gjeld særskilt vurdering av tilstand, konsekvensgrad og tiltak, sjølv om dei som gjer vurderingane, held seg til rettleiingar og standardar. Typiske spørsmål ein stiller seg under synfaringar, kan vera:

- Er tilstanden ok?
- Er det naudsynt med reparasjonar eller utskifting?
- Korleis vil eventuelle skadar utvikla seg? Raskt? Sakte?
- Kva for tiltak må museet setja i verk? Kva vil tiltaka krevja av ressursar?

Til det første spørsmålet – om tilstanden er ok – vil svaret i stor grad vera påverka av den kulturhistoriske verdien ein tillegg bygningen. Siv Leden stiller relevante spørsmål som illustrerer dette «problemet», i rettleiinga *Forvaltning av museumsbygningar*<sup>iv</sup>:

*Kan en viss grad av forfall aksepteres? Hvilket ambisjonsnivå har vi for teknisk tilstand?*

Kva er å rekna som forfall og «uønskt tilstand»? Den ønskte tilstanden for bygningen kan me kalla nullnivået, det er dette musea vurderer forfallsutviklinga og den aktuelle tilstanden mot. Kva som er nullnivået, vil henga saman med kva verdiar museet legg til bygningen, og nullnivået kan slik variera frå bygning til bygning. I rettleiinga *Prioritering i bygningssamlinger*<sup>xxiii</sup> er det foreslått at dette bør definerast i forvaltingsplanane.

«I forvaltningsplanen kan det også defineres hvilken grad av forfall som aksepteres. Målet for kulturhistoriske bygninger er at de skal holdes i god stand, uten at den kulturhistoriske verdien blir redusert.»

Siv Leden (2014)

I forvaltninga av bygningsssamlinga blir musea stilte ovanføre mange val. Dette kjem tydeleg til uttrykk i diskusjonane om bygningar som hamnar i tilstandsgrad 2 og 3. Tiltatte tiltak for å heva tilstandsgraden bør vera i tråd med planane for forvaltning og formidling ved museet. Det er slik utfordrande å gjera vurdering av tilstand, konsekvensgrad og tiltak utan sjå dette opp mot kulturhistorisk verdi og relevans for museet.

## 2.2 Innhenting av informasjon

I tillegg til tilstand og registrering i felt var det mange opplysningar som kravde andre typar undersøkingar, slik som arkivsøk. Dette blei i hovudsak utført av musea sjølve, men med noko assistanse frå bygningsantikvaren i Fellestjenestene.

## 2.3 Kategoriar og felt i undersøkinga

Undersøkinga er delt inn i 26 spørsmål som skal fyllast ut for kvar bygning. Musea i Rogaland valde å bruka Excel-skjema i staden for Google Forms til utfylling av spørsmål i undersøkinga. Dette var mest praktisk, då det var fleire personar involverte i arbeidet (byggningsantikvaren i Fellestjenestene, ulike tilsette ved musea), og ein hadde bruk for å senda skjema att og fram.

The screenshot shows an Excel spreadsheet with a table containing survey data. The table has several columns with headers in Norwegian, such as 'Bygningens navn', 'Adresse', 'Kommune', and various numbered survey questions. The data rows contain text entries for each field, including building names and addresses.

Figur 7 Døme på utfyllt skjema i Excel.

### 2.3.1 Registreringsnummer

I undersøkinga er musea bedne om å gje eit registreringsnummer for kvar bygning. I arbeidet med undersøkinga blei det sett opp arkivnøkkel for bygningssamlinga ved dei musea der dette ikkje var på plass allereie.

### 2.3.2 Kommunenummer

Her er det gjeve opp gjeldande kommunenummer for 2019. Merk at det er fleire nye kommunesamanslåingar som er gjeldande frå og med



1. januar 2020. Dette gjeld til dømes Rennesøy, Finnøy og Stavanger som slår seg saman til éin kommune.

### 2.3.3 Eksakt plassering

Koordinatar er henta frå kartportalen Temakart Rogaland<sup>v</sup> og er skrivne på forma: «N: 6567809 Ø: 314598».

### 2.3.4 Namn på bygning

Namna på bygningane er henta frå arkivnøkkelen til musea. Det vil seia at det er dei same namna som blir brukte i Primus.

### 2.3.5 Tidspunkt for oppføring

Her stod det i rettleinga frå Kulturrådet at me skulle skriva inn *eitt* årstal på forma ÅÅÅÅ. Det har vore ei stor utfordring å tidfesta byggjeår for svært mange av bygningane i samlinga. Ikkje minst gjeld dette bygningar som ligg utanføre tettstader og gardstun, slik som utløer, stølar, kverner, naust og liknande. Her blei det gissingar, og ein måtte sikta på halve hundreår.

Musea opplevde det som vanskeleg å måtte gje opp eit bestemt årstal i staden for tidsbolkar (t.d. første halvdel av 1800-talet). Det er uheldig å rapportera inn heile årstal på denne måten, då det seinare kan bli oppfatta som fakta og leggast til grunn for vurderingar av bygningssamlingane.

Me ønskjer difor å presisera at det er knytt stor usikkerheit til mange av årstala i rapporteringane frå musea i Rogaland.

### 2.3.6 Opphaveleg hovudfunksjon

Her var det mogleg å velja berre eitt alternativ, sjølv om dei fleste bygningane høyrer inn under fleire kategoriar. Til dømes vil både «landbruk» og «industri/framstilling/produksjon» vera aktuelle for eit kvernhusanlegg.

### 2.3.7 Nye hovudfunksjonar

Dette feltet er ikkje obligatorisk og har i liten grad blitt nytta.

Alternativet «museum» skapte i starten ein del forvirring. I prinsippet har stort sett alle bygningar som høyrer til i samlinga, fått denne funksjonen.

Samstundes blir det meiningslaust å fylle ut «museum» for alle bygningane.

Musea i Rogaland såg difor behovet for å einast om ein definisjon eller ei presisering. «Museum» blir her brukt om bygningar som er tekne i bruk til administrasjon, verkstad, galleri, utstillingslokale (ikkje miljøutstillingar) og liknande funksjonar som høyrer inn under verksemda til det aktuelle museet.

### 2.3.8 Bygningstype

I feltet bygningstype skal det stå kva funksjon bygningen har eller representerer i dag på museet. Dette har stort sett vore uproblematisk, med unntak for nokre bygningar der det mangla bygningstypar i lista, slik som bedehus.

### 2.3.9 Etnisk tilhørslse eller minoritetstilhørslse

Denne kategorien var ikkje aktuell for musea i Rogaland.

### 2.3.10 Utbygd areal og bruttoareal

Teikningar og/eller enkle oppmålingar i felt blei lagde til grunn for utrekning av areal. Antikvarisk oppmåling vil gje meir presise tal. Ein bør rekna med om lag 5–10 prosent feilmargen i dei innrapporterte tala.

### 2.3.11 Hovudkonstruksjonstype og -material

Hovudkonstruksjonstype og -material var slåtte saman til eitt felt, og her måtte me velja berre eitt svaralternativ. For mange bygningar som består av fleire hovudmaterial og -konstruksjonar, måtte me difor velja. Døme på slike bygningar er lør med full kjellaretasje i mur og ein etasje over i tre. For desse bygningane har ein valt tre som hovudmaterial.

### 2.3.12 Stil

Ein kunne gje opp stilart om ein ønskte det (ikkje obligatorisk felt). Det har vore opp til kvart enkelt museum om dei ønskte å fylla ut stilart. Hovuddelen av bygningane på musea i Rogaland er rurale bygningar som representerer den lokale byggjeskikken. Sjølv om me kan sjå stilinspirasjon i bygningselement, er desse bygningane først og fremst representantar for byggjeskikken i regionen og ikkje for ein bestemt stilart. For meir bymessige bygningar har det vore meir aktuelt å fylla ut dette feltet, då desse gjerne har tydlegare stilreferansar og kan vera teikna av ein namngjeven arkitekt.



Figur 8 – Kulturrådet gav ut ei rettleiing for gradering av tilstand i samband med bygningsvernundersøkinga i 2019.

### 2.3.13 Samla vurdering av teknisk tilstand

Tilstandsvurderinga har vore ei av hovudoppgåvene i bygningsvernundersøkinga og den oppgåva som har teke mest tid og ressursar.

Kulturrådet skriv i rettleiingsskrivet<sup>viii</sup> som følgde undersøkinga, at bygningsdelar som høyrer til «klimaskalet» på bygningen, bør vektast høgare enn andre bygningsdelar. Her er det nemnt døme:

fundamenter, vegger, søyler/pilarer/halvpilarer, buer/hvelv/kupler, vinduer/dører, gulv, piper, takkonstruksjoner og overdekning (inklusive takrenner/nedløp/vindskier)

Dette har ein følgd i vurderinga av bygningssamlingane på musea i Rogaland. Vekta har vore på klimaskalet sidan det er dette som i hovudsak påverkar forfallstempoet. I vurderinga er det ikkje teke med eventuelle ønske om tilbakeføring, restaureringar av interiør, ny bruk eller liknande.

Tilstandsvurderinga har bygd på Norsk Standard<sup>vi</sup> med gradering frå 0 til 3 (Figur 9) og rettleiinga frå Kulturrådet<sup>vii</sup> (Figur 9).

TG0	TG1	TG2	TG3
ingen symptom	svake symptom	vesentlege symptom	kraftige/alvorlege symptom
	Døme: sliten måling eller mosedanning på takstein	Døme: lokale roteskadar i panelbord som krev utbetring/utskifting	Døme: taklekkasjar med påfølgjande fuktskadar og risiko for sopp, kollaps i konstruksjonar og total funksjonssvikt

Figur 9 – Tilstandsgradar TG0–TG3.

### 2.3.14 Årstal for tilstandsvurderinga

Alle tilstandsvurderingar blei gjennomførte i 2019.

### 2.3.15 Overordna tiltaksklasse (TK 0–3)

I tillegg til ei vurdering av tilstandsgraden (TG0–3) blei det gjort ei risiko- og konsekvensvurdering av dei skadane ein fann. På bakgrunn av dette blei det sett ein overordna tiltaksklasse gradert frå 0 til 3 (Figur 10).

TK 0	TK 1	TK 2	TK 3
ingen tiltak	vedlikehald / førebyggjande konservering	moderate reparasjonar og/ eller ytterlegare undersøking	store inngrep basert på diagnose

Figur 10 – Tiltaksklassar TK 0–TK 3.

### 2.3.16 Anslått kostnad/tid

I skjemaet var det eit felt for «anslått kostnad ev. tidsforbruk». Vidare følgde ein forklarande tekst:

Oppgis om man har beregnet kostnad for istandsetting av en bygning i TG3 eller TG2 opp på TG1-nivå (enten basert på tilbud eller kostnadsberegnet av museet selv).

Kulturrådet ber altså her berre om kostnaden for tiltak som skal til for å løfta ein bygning frå tilstandsgrad 2 og 3 og opp til tilstandsgrad 1. Det er ikkje bede om kostnad/tidsbruk for å halda ein bygning i tilstandsgrad 1, altså det som er vanleg vedlikehald og førebyggjande konservering.

I bygningsvernundersøkinga i Rogaland er det vurdert tiltak for kvar enkelt bygning, og me har estimert tidsbruken (talet på timar per tiltak) basert på eigne erfaringstal. Dette er gjort for alle bygningar, også for bygningar som i dag har tilstandsgrad 1.

Dette er ikkje teke med i anslått tidsforbruk:

- istandsetjing av interiør
- prosjektering og planlegging
- dokumentasjon før, under og etter
- møteverksemd

Det er altså handverkartimane som er rekna med – altså kor lang tid ein handverkar ved museet vil bruka på jobben. Dette timetalet har museumshandverkaren på synfaring (kjentmannen) kome fram til i dialog med bygningsantikvaren (registratoren).

God forvaltning handlar om å halda bygningane på eit vedlikehaldsnivå. Dette kostar både tid og pengar. Tidsbruken for å halda bygningane på TG1-nivå er viktig å få med.

### 2.3.17 Forvaltande museum

Forvaltande museum vil seia det aktuelle museet som bygningsssamlinga tilhøyrer. I Rogaland er det fem forvaltande museum: Dalane Folkemuseum, Jærmuseet, Museum Stavanger, Haugalandmuseet og Ryfylkemuseet.

### 2.3.18 Nåverande eigar

Her fører ein opp kven som er juridisk eigar av bygningen.

### 2.3.19 Faktisk vedlikehaldsansvar

Her skal det stå kven som kven som har ansvaret for vedlikehald og restaureringar. Oftast er det museet som har dette ansvaret.

### 2.3.20 Utgifter til vedlikehald

Her skal det vera ført kven som dekkjer hovudutgiftene til vedlikehald og restaurering. Oftast er dette museet eller kommunen.

### 2.3.21 Freding

Eit fåtal av bygningane på musea i Rogaland er freda.

### 2.3.22 Museet si overtaking

Dette gjeld årstalet for når bygningen kom i museumsforvaltning. Det vil seia kva år han blei del av ei samling for første gongen (aksjesjon).

Her er det litt uklart kva årstal som skal gjelda, jf. museumsreforma. Mange bygningar har vore «museale» som kommunalt eigde eller privateigde bygdetun eller liknande før dei blei konsoliderte. Det varierer noko frå museum til museum kva årstal dei har valt å rapportera inn.

### 2.3.23 Er bygningen flytta til museet?

Ein skal gje opp om bygningen står «på rot» eller er flytta. Det siste gjeld om bygningen er flytta av museet i samband med at bygningen blir del av samlinga.

### 2.3.24 Bruk av bygningen

Musea skal gje opp bruken av bygningen, og her er det ulike alternativ å velja mellom (fleirval).

### 2.3.25 Kommenterar og andre opplysningar

Til sist er det eit kommentarfelt, som er det einaste fritekstfeltet. Det varierer musea imellom i kva grad dei har nytta dette feltet.

Jærmuseet har brukt kommentarfeltet aktivt og har mellom anna opplyst om sikringstiltak for kvar bygning. Kulturrådet har ikkje konsentrert seg om dette i undersøkinga, sjølv om dei årleg deler ut 10 millionar i sikringsmidlar til musea. Undersøkinga kunne slik vore eit høve til å skaffa seg oversikt over kor mange kulturhistoriske bygg som har sikringstiltak, slik som innbrotsalarm, kameraovervaking, brannvarsling, sprinklaranlegg og vasståkeanlegg

## 2.4 Tidsbruk

Då arbeidet med bygningsvernundersøkinga blei sett i gang, var det ingen museum som hadde budsjettert med dette, korkje i tid eller pengar. Det er såleis interessant å sjå kva undersøkinga har kravd av ressursar.

MUSEUM	TIDSRUK	GJ.SNITT PER BYGNING
Ryfylkemuseet	70 timar	1 time
Haugalandmuseet	90 timar	1,6 timar
Museum Stavanger	300 timar	15 timar
Jærmuseet	80 timar	1,2 timar
Dalane Folkemuseum	185 timar	4,4 timar
Bygningsantikvar (Fellestjenestene)	250 timar*	
TOTALT	975 timar	3 timar

Figur 11 - Oversikt over kor mykje tid musea brukte på undersøkinga. Kolonnen lengst til høgre viser tidsbruken fordelt på bygningar i samlinga til det aktuelle museet.

\* Bygningsantikvaren brukte også tid på å utarbeida rapporten om undersøkinga. Dette er ikkje teke med i timetalet her.

Som det går fram av tabellen, varierer tidsbruken mykje frå museum til museum. Dette har å gjera med kva grunnlagsdokumentasjon musea hadde for bygningane då arbeidet med undersøkinga starta opp. Ryfylkemuseet, Haugalandmuseet og Jærmuseet hadde registrert dei fleste bygningane sine i Primus og hadde registrert mykje dokumentasjon om kvar bygning. Dalane Folkemuseum og Museum Stavanger trong meir tid på å samla saman dokumentasjon. Dei brukte i tillegg tid på å få registrert bygningane i Primus og byggja opp eit bygningsarkiv.

## 2.5 Arbeidsprosess

Det var tidleg klart at musea i Rogaland ønskte å samarbeida om arbeidet med bygningsvernundersøkinga, mellom anna ved å la bygningsantikvaren i Fellestjenestene leia arbeidet.

Musea i Rogaland har prioritert bygningsvernundersøkinga høgt og lagt vekt på å delta på samlingar og møte dette året. Alle musea var representerte på oppstartssamlinga på Gardermoen 12. februar og på møtet til museumsnettverket for tradisjonelt handverk på Stiklestad 19.–20. september, der temaet var tilstandsvurdering.

Synfaringane med tilstandsvurdering og registrering blei utførte våren og hausten 2019. Etter dette gjekk musea gjennom skjemaa, før desse blei sende til Kulturrådet for kontroll.

I november møttest musea på Sand. Her presenterte bygningsantikvaren i Fellestjenestene resultatet av bygningsvernundersøkinga og tok opp spørsmål og problemstillingar som hadde dukka opp i arbeidet med denne. Diskusjonane frå møtet har vore viktige i arbeidet med denne rapporten.


I desember gjekk musea gjennom skjemaa ein siste gong for justeringar. Skjemaa for dei fem regionmusea i Rogaland blei sende samla til Kulturrådet like før jul.

## 2.6 Bruk av Primus

Kulturrådet inviterte til oppstartsamling på Gardermoen 12. februar 2019. Her deltok også KulturIT som presenterte korleis musea kunne ta i bruk Primus FDV-/bygningmodulen til registreringsarbeidet.

Nokre av musea i Rogaland brukte allereie denne modulen før arbeidet med bygningsvernundersøkinga blei sett i gang. Dei som ikkje hadde teke i bruk modulen, fekk nå eit godt høve til å registrera bygningane. Ved utgangen av 2019 er bygningane på musea i Rogaland registrerte i Primus, og ein stor del av desse er dessutan publiserte på DigitaltMuseum.





Figur 12 – Alle musea i Rogaland har nå registrert bygningane i Primus, og mange er dessutan publiserte på DigitaltMuseum. Haugalandmuseet er eit av musea som har publisert heile bygningssamlinga på DigitaltMuseum (skjermfoto over).

Registreringane er førte parallelt tre stader: i Excel-skjema, i digitalt bygningssarkiv (mappesystem på server) og i Primus FDV-/bygningssmodulen.

Det viste seg vanskeleg å få til effektiv bruk av Primus til den delen av undersøkinga som skjer i felt, det vil seia tilstandsregistreringa. Modulen har vist seg å fungera dårleg på mobile plattformer med mobildata.





## 3 Bygningssamlingane

Bygningsvernundersøkinga søkjer å gje ei oversikt over bygningssamlingane på musea. Det er då viktig å sjå på korleis samlingane er bygde opp. Kva er bakgrunnen for etableringa av musea? Kva kjenneteiknar bygningssamlingane? Kva er ein del av bygningssamlinga, og kven kan definera dette? Korleis arbeider musea med bygningssamlingane?

### 3.1 Kva bygningar er del av samlinga?

I arbeidet med undersøkinga står eit spørsmål sentralt: Kva er ein kulturhistorisk bygning? Og: Kva er ein bygning?

Kva som er ein del av bygningssamlinga, kan sjå ut til at er ein evig diskusjon som korkje musea seg imellom eller dei tilsette internt på musea greier å bli samde om. Diskusjonen fekk stor plass i rapporten frå 2010/11<sup>iii</sup>. Den gongen var det vanskeleg å finna ein god definisjon, og det ser ut til at me ikkje er nærare noko svar i dag. Det finst heller ingen definisjonar om ein ser til rettleiingar frå Kulturrådet, retningslinjer frå ICOM eller andre nasjonale standardar.

#### 3.1.1 Kulturhistorisk bygning

Ei sak er å definera kva som er ein kulturhistorisk bygning. Det kan vera vanskeleg nok, då ein kan argumentera for at kva bygning som helst har kulturhistorisk verdi. Det er likevel enklare å bli samde om kva bygningar som musea eig/forvaltar/brukar, som kan definerast som *kulturhistoriske bygningar*. I denne diskusjonen sorterer ein gjerne ut lagerbygg, magasinbygg, nyare administrasjonsbygg og andre bygningar som høyrer inn under dagleg museumsdrift.

Kulturrådet definerer «kulturhistorisk bygning» slik i rettleiinga<sup>viii</sup> som følgjer undersøkinga:

*Med kulturhistorisk bygning menes i denne sammenheng en stående bygning som inngår i museets samling. Museet trenger ikke eie bygningen, men den må inngå i en samling som museet forvalter.*

Så langt alt greitt.

Bilete til venstre: Leif O. Svela, museumshandverkar ved Dalane Folkemuseum, legg i nytt ris i fasgardløa på Barstad. Slike fasgardløer var vanlege i Dalane og er ein viktig del av den lokale byggjeskikken. I dag er det få slike att, og Leif er ein av få som held denne tradisjonen levande. Arbeidet med å leggja i nytt ris må gjerast jamleg, om lag kvart tredje år.

*Det skal dermed ikke rapporteres på demonterte bygninger, ei heller på bygninger som er oppført for og i bruk til museumsformål, som for eksempel Henie Onstad kunstsenter, selv om disse kan ha stor verneverdi. Andre byggverk som jernbanelinjer og kaianlegg skal heller ikke rapporteres.*

Her blir det meir problematisk. Første «problemet» er bygningar som er oppførte for og i bruk til museumsformål. Dette ei upresis formulering som rammur svært mange bygningar i samlinga. Dersom ein forstår «museumsformål» som meir administrative funksjonar, kontor og rom for personale i tillegg til servicefunksjonar, blir gruppa av bygningar mindre. Då tenkjer ein helst på bygningar som har kafé, utstillingslokale, kontor, butikk, kjøken, verkstad og liknande.

Kulturrådet seier altså at sjølv om desse bygningane har verneverdi og slik kan reknast som kulturhistoriske bygningar, så skal dei ikkje med i undersøkinga. Men kva om desse bygningane blir forvalta og haldne ved like etter antikvariske prinsipp av handverkarane ved museet? Kva med bygdetun der våningshuset er innreidd med eit lite kontor, nytt kjøken, toalett og lager? Skal desse ut av samlinga? Definisjonen til Kulturrådet plasserer mange bygningar i ei gråsone.



Figur 13 – Hovudbygningen til Museum Stavanger er ein kulturhistorisk bygning. Museet reknar han med som ein del av bygningssamlinga.



Figur 14 – Stovehuset på Limagarden reknar Jærmuseet som ein del av bygningssamlinga. Her er det miljøutstillingar i dei fleste av romma i første etasje og utstilling om ullproduksjon og spinneri i Gjesdal med utstilte gjenstandar frå samlinga i andre etasje. I huset er det òg innreidd kontor, funksjonelt kjøken med innlagt vatn og straum, bad og lagerrom. Skal ein ta definisjonen frå Kulturrådet bokstaveleg, skal då ikkje stovehuset reknast med som del av bygningssamlinga i denne undersøkinga. Her har musea i Rogaland teke valet om å ta med slike bygg likevel.

Konklusjonen i Rogaland har difor vore: Det er opp til kvart enkelt museum å definera kva dei reknar som ein del av bygningssamlinga. Det gjer at nokre museum har valt å ta med administrasjonsbygg, medan andre held desse utanføre undersøkinga.

FORVALTANDE MUSEUM	NAMN PÅ BYGNINGEN	OPPHAVELEG HOVUDFUNKSJON	NYE HOVUD-FUNKSJONAR	TEKE MED I UNDERSØKINGA
Haugalandmuseet	Meieribbygg, Museumskvartalet	industri/framstilling/produksjon	museum	nei
Museum Stavanger	Hovudmuseum Museumsgaten 16	museum	museum	ja
Dalane Folkemuseum	Administrasjonsbygg, Bakkebø	okkupasjon	museum	ja
Ryfylkemuseet	Nesasjøhuset, Sand	handel	museum	ja
Jærmuseet	Solaveien 10, Vitenfabrikken	industri/framstilling/produksjon	museum	nei

Figur 15 – Kulturhistoriske bygg på musea i Rogaland som blir brukte til administrasjon/museum.

Neste problem i definisjonen frå Kulturrådet handlar om «andre byggverk», som heller ikkje skal reknast med. Kva som er andre byggverk, kan ein her forstå som konstruksjonar som ikkje er ein bygning. Då er neste spørsmålet me måtte stilla seg: Kva er ein bygning? Det burde vera eit enkelt spørsmål å svara på, men i arbeidet med undersøkinga har det vist seg at det her òg er ulike svar etter kven ein spør.

Eit døme er vassdrivne bygningar. Kan ein skilja rennene frå bygningen? I så fall: Kvar går skiljet? Ved kvernkallen? Mange bygningstypar har ikkje tydelege skilje mellom kva bygningsdelar som høyrer til bygningen og ikkje. Dilemmaet kjem tydelegast til uttrykk i arbeidet med tilstandsvurderinga. Kva skal museet vurderer? Er veggfast interiør ein del av bygningen? [I bygningsvernundersøkinga har musea i Rogaland rekna med vassrenner som del av bygningen.](#)

Når musea skal definera kva som er ein bygning, dukkar ei anna problemstilling opp: Kva med samanbygde bygningar og bygningskompleks der det er uklart kvar den eine bygningen sluttar og den neste byrjar? Dette gjeld mellom anna Utstein kloster og dei samanbygde husa i Nedre Strandgate i Stavanger. Tidlegare har desse kompleksa vore rekna som éin samla bygningskropp. [I bygningsvernundersøkinga frå musea i Rogaland blir desse bygningane delte opp.](#) Dette er òg mest rett om me ser bakover i tid, då dei ulike bygningane i komplekset mellom anna har ulike byggjeår og funksjonar. Konsekvensen av denne oppdelinga vil mellom anna vera at talet på bygningar på musea i Rogaland aukar jamført med tidlegare innrapporterte tal.

### 3.1.2 Rekonstruksjonar/kopiar

Kan ein rekonstruksjon vera ein kulturhistorisk bygning? Det er ein diskusjon som dukkar opp frå tid til anna. For å svara på dette vil det vera interessant å sjå nærare på eit døme frå bygningssamlingane.

#### 3.1.2.1 Løa på Røynevarden som døme

Løa på husmannsplassen Røynevarden som tilhøyrer Ryfylkemuseet, er eit godt døme på problemstillingar rundt rekonstruksjonar.



Figur 16 – Den rekonstruerte løa på Røynevarden. Bilete frå tilstandsvurdering i 2019.

Løa blei oppført ein gong på 1800-talet og var i bruk fram til slutten på 1940-talet då Rogaland Folkemuseum overtok bygningane.

Sjølv om Rogaland Folkemuseum, og seinare Ryfylkemuseet, la ned ein betydeleg innsats for å halda husa ved like, greidde dei ikkje å koma i kapp med



forfallet. På 2000-talet fekk museet tak i midlar og kunne setja i gang omfattande istandsetjingsarbeid med husa på Røynevarden. Det siste huset som stod for tur, var løa.

I 2012, då museet skulle ta fatt på løa, var tilstanden svært dårleg (TG3). I mange år hadde dei lappa på løa og sett inn sikringstiltak, men nå var det kome til eit punkt der dei måtte gjera større arbeid. Dei originale bygningsdelane var i dårleg stand, og konstruksjonen hadde mest ikkje bereevne. Dette var eit dårleg utgangspunkt for ei restaurering fordi dei såg at mest alle bygningsdelane måtte bytast ut. Museet valde då rekonstruksjon.



Figur 17 – Løa var flikka på og vølt etter beste evne så lenge at det var vanskeleg å finne hald for nye reparasjonar. Her er bilete frå dokumentasjonen og oppmålinga av løa i februar 2013. Kledningen er demontert i samband med dokumentasjonsarbeidet.

Når valet var teke om rekonstruksjon, såg museet at dette ville vera eit eigna prosjekt for kompetanseheving og kunnskapsutvikling. Det blei sett opp ei kursrekke med følgjande tema:

- Treet som virke
  - Del 1: Velja ut emne i skogen, ringborking
  - Del 2: Felling og sortering av virke
- Dokumentasjon
- Uthuslaft
- Skjering av tømmer og etterbehandling
- Tekking med never og torv

Dokumentasjon er svært viktig når eit museum vel å demontera ein bygning, for så å gjenreisa ein kopi. Ryfylkemuseet la vekt på dokumentasjon i alle fasar av prosjektet, og den gamle løa blei mellom anna merkt (nummerering av bygningsdelar) og målt opp. I tillegg henta museet inn Trond Oalann som kursleiar for laftinga. Han starta kurset med dokumentasjon der kursdeltakarane studerte den ståande løa i detalj og dokumenterte

«Kunnskapen som museumshåndverkerne får både gjennom detaljstudier ved riving av det gamle bygget og gjennom oppføringen av kopi-bygget, vil kunne være verdifull for arbeid med andre bygninger i museet.»

Siv Leden (2017)

verktøyspor, treslag, materialkvalitet, byggetekniske detaljar o.a. Kvar bygningsdel blei så kopiert med mål om prosessuell autentisitet.

Løa blei sett opp på dei gamle murane, og taket blei tekt med never og torv etter den lokale tradisjonen. I alle delane av prosessen var det vekt på formidling og overføring av kunnskap. I tillegg til kursa (sjå ovanføre) hadde Ryfylkemuseet besøk av skuleklassar og andre interesserte som fekk vera med i arbeidet.



Figur 18 – Bilete frå prosessen. Rekonstruksjon av løa på Røynevarden blei eit stort prosjekt for bruk og vidareføring av handlingsboren kunnskap.

Bygningsdelar frå den gamle løa ligg i dag lagra i den nye løa. Slik sett er noko av kjeldeverdien teke vare på.

### 3.1.2.2 Rekonstruksjon eller restaurering

I forkant av arbeidet med løa blei truleg restaurering vurdert som eit alternativ. Hadde det vore mogleg? Sannsynlegvis kunne dei brukt nokre delar av den opphavslege bygningen, særskilt der bereevna til bygningsdelen ikkje er så avgjerande. Men ville det då vore ei restaurering? Kor mykje originalmateriale må vera igjen i bygget for at det skal vera ei restaurering og ikkje ein rekonstruksjon? Meir enn 20 prosent? Meir enn 40 prosent?

I 2011 tok Roy Høibo opp desse spørsmåla og spurde om ein ikkje heller bør vera meir oppteken av grunnlaget for rekonstruksjonen og prosessen enn av resultatet.

Dette leiar vidare til diskusjonen om autentisitet. I forvaltinga av bygningssamlinga er det eit mål å bevare så mykje som mogleg av originalmaterial og eldre bygningsdelar på sin opphavslege plass. Det handlar om å ta vare på den materielle autentisiteten (Figur 19) og kjeldeverdien til bygningen.

MATERIELL AUTENTISITET	Bygningsdelar og gjenstandar er originalar frå fortida.
PROSESSUELL AUTENTISITET	Bygningsdelar og gjenstandar er nylaga, men framstilte av same material, med same arbeidsmetodar som dei originale.
VISUELL AUTENTISITET	Bygningsdelar og gjenstandar er nylaga, dei ser ut som dei originale, men må ikkje vera framstilte på same måten eller av same typen material.

Figur 19 – Definisjonar av autentisitet. Kjelde: Morten Bing (2019), Norsk Folkemuseum<sup>ix</sup>.

Autentisitet handlar ikkje berre om det materielle, men òg om den immaterielle delen av bygningssamlinga. Gjennom restaurering og rekonstruksjon tek musea vare på den handlingsborne kunnskapen om tradisjonelle material, verktøy og byggjeteknikkar. Ein rekonstruksjon kan ha høg grad av *prosessuell autentisitet* (Figur 19). Høibo resonnerer slik:

*Kan hende kan det vera gode grunnar til å fokusere noe mindre på bygningen og noe meir på det verktøyet og den kunnskapen som skal til for å bygge han.*

*Bygningssamlinga handlar om både materialar, verktøy og kunnskap. Det er samvirket av desse ressursane som skaper og held bygningen ved like. Dersom materialval, verktøybruk og handverket er i samsvar med tradisjonen bør bygningen som blir skapt vera fullgod som kulturhistorie.<sup>xiii</sup>*

### 3.1.2.3 Kan ein rekonstruksjon vera ein kulturhistorisk bygning?

Som vist ovanføre er det gode grunnar til definera rekonstruerte bygningar som del av bygningssamlinga. Prosessuell autentisitet kan ha like høg verdi som den materielle autentisiteten. Musea i Rogaland reknar difor også rekonstruerte bygningar som kulturhistoriske og ein del av bygningssamlinga.

I denne samanhengen er det viktig å nemna at musea er medvitne om å formidla og dokumentera kva bygning eller bygningsdelar som er rekonstruksjonar, og kva som er originalmateriale.

## 3.1.3 Oppsummering

Det er altså gjort ei rekkje vurderingar når musea nå, i samband med bygningssamlinga, skal definera kva som er ein del av


bygningssamlinga. Oversikta under viser innrapporterte tal frå 2010 (rapporten *Bygningsvern på musea*) og nye tal frå bygningsvernundersøkinga.

MUSEUM	2010 <sup>iii</sup>	2019	SKILNAD
Ryfylkemuseet	73	74	+1
Haugalandmuseet	42	55	+13
Museum Stavanger	9	20	+11
Jærmuseet	59	65	+6
Dalane Folkemuseum	31	42	+11
Totalt	214	256	+42

Figur 20 – Musea rapporterte inn tal på bygningar i samlinga i 2010 og 2019.

### 3.2 Museumsfylket Rogaland

I Rogaland er det *regionmusea* som har bygningar i samlinga si. Det er fem regionmuseum som dekkjer dei fire regionane i fylket (Haugalandet, Ryfylke, Jæren og Dalane) i tillegg til Stavanger.



Figur 21 – Rogalandskart som viser kommunane som dei fem regionmusea dekkjer. Merk: Kartet viser kommuneinndelinga i 2019. Frå og med 2020 blir fleire kommunar slåtte saman.



Slik konkluderte Roy Høibo i 2011:


*Sjølv om bygningsamlingane til musea i Rogaland ikkje ruver i museumsstatistikken*

*er det noen karakteristika som gjer dei interessante:*

*- Bygningane er i stor grad bevarte på sine opphavlege tufter*

*- Dei representerer ei stor breidde i forhold til funksjonar og sosiale miljø*

Eit særpreg for bygningane på musea i Rogaland er altså at dei står på rot. Berre 9 prosent av bygningane i samlingane er flytta. Det gjer at bygningane står spreidde over eit stort geografisk område (Figur 22). Musea eig og/eller forvaltar bygningar i mest alle kommunane i Rogaland.



Figur 22 – Slik er bygningane fordelte i fylket. Rogaland er delt av både fjordar, fjell og sjø. Det gjer at det tek tid å ta seg frå punkt til punkt. Til dømes er det ein køyretur på 5,5 timar mellom den nordlegaste og den sørlegaste bygningen. I tillegg er ein avhengig av ferjer mange stader, til dømes om ein skal til Utsira. Ferja har tre til fire avgangar per dag frå Haugesund. Dette betyr at kvar tur må planleggjast etter rutetidene.

At bygningane står på dei opphavelge tuftene sine, har både fordelar og ulemper. Slik summerer Høibo<sup>iii</sup> opp dette:

*På den eine sida kan dei framstå som meir autentiske og som eit godt grunnlag for aktiv formidling. Ved at bygningane står i sitt opphavlege miljø er det dessutan*

*bevart fleire uthusbygningar og sekundærbygningar enn ein finn på friluftsmusea.*

*På den andre sida er både vedlikehald og formidling meir kostnadskrevjande enn*

*om bygningane ligg samla i eit friluftsmuseum.*

Ei anna utfordring som følger med at bygningane står på rot, er at museet gjerne har forvaltingsansvaret for meir enn berre bygningen. Dette gjeld mellom anna gardstun med kulturlandskap rundt. Å ta vare på kulturlandskapet er ei viktig oppgåve i seg og høyrer dessutan inn under ansvaret museet har for immateriell kulturarv. Vidare har konteksten og omjevnaden mykje å seia for opplevinga og forståinga av bygningen.

### 3.2.1 Ryfylkemuseet

Ryfylkemuseet blei stifta i 1981 og femnar ryfylkeregionen med kommunane Suldal, Sauda, Hjelmeland, Strand, Forsand, Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy. Museet har hovudsete på Sand i Suldal.

#### 3.2.1.1 Bygningssamlinga

Då Ryfylkemuseet blei stifta, skjedde dette ved at museet tok over «ryfylkedelen» av samlinga til gamle Rogaland Folkemuseum. I denne prosessen overtok då det nye museet fleire bygningar: gardstunet Kolbeinstveit, husmannsplassen Røynevarden, stampa på Kvæstad, eit kvernhusanlegg på Øystad og Kvednahola med kvernhus, tørkehus og hus for ei vassdriven sag. Alle desse ligg i Suldal.




Figur 23 – Kolbeinstveit var ikkje det første verneobjektet styret i Rogaland Folkemuseum kasta auga sine på, men det kom til å bli det viktigaste. Arbeidet med etablering av museum på Kolbeinstveit gjekk inn i den nye tankegangen om å etablere bygdetun rundt om i kommunane. Kolbeinstveit blei slik det sentrale midtpunktet for verksemda i Ryfylke. Her er løa, truleg frå midten av 1800-talet, og vølt med tilskottsmidlar i 2016.

Dessutan overtok det nye museet tre hus på Håland i Erfjord og Vigatunet i Hjelmeland. I 1984 fekk museet overta det gamle skulehuset på Jelsa og ein industriarbeidarbustad i Åbøbyen i Sauda. I 1989 fekk museet forvaltingsansvaret for bygningar og inventar på Jonegarden på Hustveit i Sauda.



Figur 24 – Haakongate 51–53 i Sauda er ein industriarbeidarbustad bygd av smelteverket i 1916. Huset blei gjeve til kommunen med tanke om å få til eit industriarbeidarmuseum. Museet blei kopla inn og starta arbeidet med å setja huset i stand.


På 2000-talet kom fleire bygningar til samlinga: først husmannsplassen Bakken på Rennesøy og hummarmuseet på Kvitsøy i 2006, så – i 2009 – det freda gardstunet Li ved Hylsfjorden i Suldal. Seinare er nye tilskott til samlinga komne i form av nybygg. Desse bygningane blir rekna som ein del av samlinga, då dei er rekonstruksjonar og/eller bygde i tråd med lokale handverksteknikkar og lokal byggjeskikk.



Figur 25 – Dei fleste bygningane er komne til før museet blei stifta, men det er teke inn mange bygningar i samlinga i seinare tid òg. At det kjem til så mange bygningar på 2000-talet, har å gjera med at museet då overtok Litunet.


Den eldste bygningen i samlinga er Guggedalsloftet – det eine av to profane mellomalderbygg som er bevarte i Rogaland. Vidare er tolv bygningar frå 1600-

og 1700-talet, og elleve bygningar er frå 1900-talet. Den store hovudvekta av bygningssamlinga, om lag 60 prosent, er truleg frå 1800-talet.



Figur 26 – Bygningssamlinga til Ryfylkemuseet spenner over fleire hundreår, men eit hundreår er betre representert enn dei andre: Om lag 60 prosent av bygningane skriv seg frå 1800-talet.

Forklaringa på kvifor Ryfylkemuseet har mange bygningar frå 1800-talet, finn me når me ser på opphavsleg hovudfunksjon (Figur 27): Dette har å gjera med at samlinga består av mange gardstun der dei fleste bygningane er frå nettopp 1800-talet. Dei eldre og yngre bygningane i samlinga er oftast enkeltstående bygningar, slik som skulehus, bustader og liknande.




Figur 27 – Slik fordeler bygningane seg etter opphavsleg hovudfunksjon.

At det er mange bygningar frå primærnæringane, er ikkje overraskande, då dette er næringar som har vore viktige i Ryfylke heilt fram til i dag. Dette kjem tydeleg fram om me ser på bygningstypar (Figur 28). Det er klart flest bur/stabbur (i Ryfylke brukar me nemninga loft) og låvar, følgde av våningshus




og fjøs. Vidare kan me sjå at museet har mange vassdrivne bygningar med kvernhus og tørker.




Figur 28 – Deler me inn bygningane etter typar, får me opp denne lista med over 20 kategoriar. I kategorien «annen bygningstyp» er det plassert ei vadmålstampe og samanbygd stovehus/løe.

Noko anna som kjenneteiknar bygningssamlinga til Ryfylkemuseet, er at det er trebygningar som dominerer. Heile 95 prosent av bygningane har tre som hovudmaterial (Figur 29). Ser me på arealet av desse bygningane, blir tredominansen endå tydelegare: Reknar me på denne måten, er 99 prosent av bygningssamlinga bygd i tre (Figur 30).

MATERIAL - TAL PÅ  
BYGNINGAR

Figur 29 – Oversikt over mur- og trebygningar i samlinga.

MATERIAL - TAL PÅ  
KVADRATMETER

Figur 30 – Bygningssamlinga målt i kvadratmeter (BYA).

### 3.2.2 Haugalandmuseet

Haugalandmuseet er eit konsolidert regionmuseum stifta i 2005 og konsolidert på nytt i 2019. Haugalandmuseet dekkjer kommunane Utsira, Haugesund, Tysvær, Bokn og Vindafjord. I den siste konsolideringa har museet fått eigarskapet til alle samlingane i desse kommunane. Regionmuseet har hovudsete i Haugesund.

#### 3.2.2.1 Bygningssamlinga

Museet har sitt opphav i «Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene», etablert i 1925. Til liks med andre museum frå same perioden drøymde dei den første tida om eit friluftsmuseum med tilflytta bygningar. Museet skaffa seg difor hand om ei bu på Mo i Etne, ei røykstove og eit kvernhaus på Laupland i Bokn, ei stavløve frå Håland i Sandeid i 1937 og ei stampe og eit kvernhaus frå Sveio i 1946. I mangel på eigna tomt for eit friluftsmuseum blei bygningane ståande der dei stod. Etter kvart gav museet opp planane om eit friluftsmuseum og flytta i staden inn i ledige lokale i eit tidlegare meieribyg (ikkje rekna med som del av bygningssamlinga) i Haugesund i 1975.



Figur 31 – Tonjer fyr ligg på ei øy like utanføre Haugesund.

På same tida overtok museet fyranlegget på Tonjer. Bygningssamlinga vaks vidare på 1970- og 80-talet, og særskilt gjaldt det bygningsmiljøet «Dokken» på Hasseløy ved Karmsundet. Her fekk museet hand om Ferkingstadhuset med tilhøyrande naust. Seinare fekk dei overta fleire bustadhus (Blixhavnhuset, Losahuset og Stavahuset). Endå noko seinare blei bedehuset Zion flytta frå Norheim til Dokken, og det blei reist eit nytt båthus for å husa båtsamlinga til museet.



Figur 32 – Friluftsmuseet Dokken er eit bygningsmiljø med ulike bygningar som representerer kystkulturen. Dei fleste av bygningane står «på rot», men museet har òg flytta til nokre bygningar.

På 80-talet inngjekk museet avtalar med private eigarar for å sikra seg fleire bygningar i samlinga. Slik blei naustmiljøet i Solhållå, eit sjøhus på Utsira og


Derikhuset på Salane ein del av bygningssamlinga. Gardstunet Ørpetveit overtok museet i same perioden.

Etter konsolideringa i 2005 og 2019 blei bygningar frå tre bygdemuseum innlemma i samlingane. Desse bygningane er samla inn i perioden 1965–2015. Vindafjordmuseet er organisert som eit lite tun i Vikedal, med ei stove, stabbur, kvernhus og ein kopi av ei steinbu. I Skjold står ei skulestove som er bevart på rot. Nedstrand bygdemuseum har òg samla inn bygningar «på rot», og desse er spreidde utover Nedstrand i Tysvær kommune. På Bokn er det bevart eit våningshus som i løpet av dei siste 150 åra er flytta, bygd om og brukt både som stall, hønsehus og traktorgarasje. Ungdomshuset på Vestre Bokn er nytta til å husa gjenstandssamlinga og dermed bevart som ein kulturhistorisk bygning òg.




Figur 33 – Wrangellhuset er ein staseleg reiarvilla som museet overtok i 2017.

Eit av dei nyaste tilskotta til samlinga er Wrangellvillaen i Haugesund. Det blei ordna ved at museet og kommunen gjekk saman om å kjøpe huset då det blei lagt ut for sal i 2017.



Figur 34 – Oversynet over innsamlingsperiodar viser at 1980-talet peikar seg ut. Dette var ein periode då museet aktivt samla inn bygningar.

Den eldste bygningen i samlinga er tollbua på Nedstrand frå midten av 1500-talet. Tollbua står i dag i eit vernebygg. Tek me ein kikk på resten av bygningssamlinga, ser me at bygningane i hovudsak er fordelte på to hundreår, 1800- og 1900-talet (Figur 35).




Figur 35 – Bygningssamlinga til Haugalandmuseet har flest bygningar frå siste halvdel av 1800-talet.

Det er 1800-talet som peikar seg ut, då mest halvparten av bygningane er frå denne perioden. Noko av forklaringa ligg i same forholda som hos Ryfylkemuseet: at bygningane høyrer til sjøbruk og gardsbruk frå denne

perioden. Ei anna forklaring er klimaet: I Rogaland, og då særskilt i dei ytre stroka, er klimaet fuktig med mykje vind og milde vintrar. Dette er dårlege forhold for vern av bygningar og er hovudårsaka til at me i Rogaland har så få bygningar frå 1700-talet og bakover.

Som nemnt ovanføre har Haugalandmuseet samla inn landbruksbygningar med heile gardstun i tillegg til enkeltstående bygningar slik som kvernhus og nokre våningshus.




Figur 36 – Haugalandmuseet har mange landbruksbygningar, men òg bygningar frå andre næringar som har vore viktige langs kysten, slik som fiske, handel, kommunikasjon.

Andre hovudfunksjonar som peikar seg ut, er undervisning og forskning: Haugalandmuseet har fleire skulehus. Elles har museet – ikkje uventa – mange bygningar som høyrer til kystkulturen (fiske, handel, ferdsel).


Det same biletet teiknar seg om me ser på oversikta over bygningstype. Her er det klart flest bustader. Etter dette kjem sjøhus og skule.






Figur 37 – Bygningane delte inn etter type/kategori.

Vidare er det interessant å sjå på kva (hovud)material bygningane er bygde av. Det er flest trebygningar i samlinga (Figur 38). Dette er om lag likt om me reknar på talet på bygningar eller talet på kvadratmeter BYA (Figur 39).



Figur 38 – Oversikt over mur- og trebygningar i samlinga.



Figur 39 – Bygningssamlinga målt i kvadratmeter (BYA).

### 3.2.3 Museum Stavanger

Museum Stavanger (MUST) blei etablert i 2010 ved konsolideringa mellom dei tidlegare stiftingane Stavanger museum, Rogaland kunstmuseum, Samling Halvdan Hafsten og Utstein kloster. Museet har hovudsete i Stavanger.

#### 3.2.3.1 Bygningssamlinga

Bygningssamlinga kjem frå tidlegare Stavanger museum og frå stiftinga Utstein kloster.

Stavanger museum blei etablert i 1877, men var ikkje så oppteke av bygningar dei første åra. Eit av dei første bygga museet skaffa seg, forutan sjølve hovudbygningen, var nabohuset i Peder Klows gate. Dette var i mange år brukt som vaktmeisterbustad, men har ikkje vore i bruk dei seinaste åra. Starten på den aktive innsamlinga av bygningar skjedde først i 1935 då museet overtok eigedomen Ledaal med hovudhus og låve. Seinare engasjerte museet seg for vern av naboeigedomen med villaen Breidablikk. Huset opna for publikum i 1975, men blei ikkje overteke av museet før i 1989.



Figur 40 – Ledaal.

Eit engasjement for hermetikkindustrihistoria til Stavanger førte til at museet i 1979 gjorde vedtak om å overta eit fabrikkannlegg som seinare blei opna for publikum som «Hermetikk museet». Like ved ligg bustadhuset Øvre Strandgate 90 som museet overtok i 1997 og innreidde som arbeidarbustader.




Figur 41 – Hermetikkmuseet.

På midten av 80-talet lukkast museet med å overta kjøpmannsgardar med tilhørande sjøhus i Nedre Strandgate 17 og 19. Dette blei opna i 1985 som det nye museumsanlegget til Stavanger Sjøfartsmuseum.




Figur 42 – Stavanger maritime museum (sjøfartsmuseet).

Same året flytta Sør- og Vestlandske skolemuseum (i dag ein del av MUST) inn i eit eldre skulehus ved Kvaleberg skule i Stavanger. Siste tilskottet til samlinga var Utstein kloster, som museet fekk hand om i 2012.




Figur 43 – Oversikt over innsamlingsperiodar i museet si historie. 1980-talet peikar seg ut som ein aktiv periode då museet skaffa seg fleire bygningar. Overtakinga av anlegget Utstein kloster gjer at 2010-grafen veks. Elles er det verdt å merka seg at museet skaffa seg ein bygning allereie på 1890-talet. Dette er hovudbygningen i Muségata som då blei oppført. MUST reknar i dag med denne bygningen som ein del av bygningssamlinga.

Museum Stavanger har bygningar som spanner over mange hundreår om me ser på oppføringstidspunkta (Figur 44). Utstein kloster har røter tilbake til 800-talet, og det er difor museet har mange førreformatoriske bygningar. Elles gjeld det for Museum Stavanger, som for dei andre musea, at størstedelen av bygningssamlinga stammar frå 1800-talet.




Figur 44 – Museet har flest bygningar frå 1800-talet.

Museum Stavanger er eit bymuseum, og dette speglar bygningssamlinga til ein viss grad. Museet har få bygningar i samlinga, og fleire av desse høyrer til same anlegget (slik som Utstein kloster). Dette er hovudforklaringa til at samlinga til museet dekkjer få funksjonar (Figur 44).



Figur 45 – Museet er eit bymuseum, og dette speglar bygningssamlinga til ein viss grad, mellom anna ved at det er mange bustadhus.


Det same ser me når bygningane blir delte inn etter bygningstype (Figur 46). Her kan me sjå at bygningstypen «kloster» og «bustad» peikar seg ut.




Figur 46 – Bygningane delte inn etter type/kategori.

Då er det kanskje meir interessant å sjå på kva type bygningar museet har, delt inn etter byggjemateriale (Figur 47 og Figur 48). Her ser me at museet har flest trebygningar, men mest i mur målt i kvadratmeter (BYA).



MATERIAL - TAL PÅ  
BYGNINGAR

Figur 47 – Oversikt over mur- og trebygningar i samlinga.

MATERIAL - TAL PÅ  
KVADRATMETER

Figur 48 – Bygningssamlinga målt i kvadratmeter (BYA).

### 3.2.4 Jærmuseet

Jærmuseet, stifta i 1985, er eit konsolidert museum for kommunane på Jæren: Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå og regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Museet har hovudsete på Nærbø.

#### 3.2.4.1 Bygningssamlinga

Stiftinga Jærmuseet blei oppretta som eit felles landbruksmuseum på Jæren etter initiativ frå jærkommunane. Dei første bygningane Jærmuseet skaffa seg, var gardsanlegget på Kvia i 1987. Nokre år seinare, i 1994, blei samlinga utvida med garden Audamotland, som ligg nokre hundre meter unna, og ei halmlute på Refsnes.

Dette var bygningssamlinga fram til Jærmuseet blei konsolidert med Sandnesmuseumet i 2002. Då følgde desse bygningane med: Krossens havremølle med møllebustad, sykkelfabrikken til Jonas Øglænd, Thranegarden, kvern- og tørkehus på Gjesteland og Eskeland, eit treskehjulhus på Nordland og ein snikkarverkstad på Vagle.

Ein del av bygningssamlinga hørde i si tid til Rogaland Folkemuseum. Då Rogaland Folkemuseum blei delt (1981), blei «jærendelen» av bygningssamlinga overført til Hå bygdemuseum. Dette gjaldt gardstunet på Grødaland, smia på Motland, nausta på Varhaug og dessutan eit kvernhus og

ei korn tørke på Nord-Varhaug. Alle desse bygningane gjekk inn i samlinga til Jærmuseet ved konsolideringa med Hå bygdemuseum i 2002.



Figur 49 – Gamla huset, eit av stovehusa på Grørdaland.

Året etter overtok Jærmuseet bygningane til Gjesdal bygdemuseum, med Limagarden som hovudanlegget. I tillegg følgde det med ei smie med bakaromn på Indre Lima, Gjesdal Ljåfabrikk og kvernhus med tørke på Ytre Lima. I 2006 blei det gjort avtale med Klepp og Randaberg, og museet overtok skulehus og folgehus på Haugabakka i tillegg til Vistnestunet og fyanlegget på Tungeneset.



Figur 50 – Tungenes fyr.

Jærmuseet fekk ansvar for bygningar i Sola og Time i 2012–2013. Då blei samlinga utvida med fleire fly- og krigshistoriske bygningar med 720-brakka, torpedoverkstaden og hangaren i Sola Sjø. Vidare følgde to hus etter forfattar Arne Garborg: Knudaheio og Garborgheimen.




Figur 51 – Hangaren på Flyhistorisk museum i Sola Sjø.

Det nyaste tilskottet til samlinga er den rekonstruerte smia på Audamotland som stod ferdig i 2018.



Figur 52 – Den rekonstruerte smia på Audamotland.






Figur 53 – Jærmuseet er eit ungt museum, og bygningane er komne til etappevis saman med konsolideringane med bygdemusea i dei ulike kommunane.


Oversikta over kva tid bygningane er blitt del av samlinga (Figur 53), viser at museet er ungt, og at størstedelen av bygningane er komne inn i samlinga dei siste tjue åra.

Verdt å merka seg her er at oversikta ikkje viser kva årstal bygningane gjekk inn i ei museumssamling. Dei fleste av bygningane har høyrte til anten eit bygdemuseum eller tidlegare Rogaland Folkemuseum før dei blei ein del av samlinga til Jærmuseet.




Figur 54 – Oversikt over byggeår/-periode.

Jærmuseets bakgrunn og mål, å vera eit regionalt landbruksmuseum, kjem tydeleg fram når me kikkar nærare på bygningssamlinga. Ein stor del av samlinga består av gardstun bygde mellom 1800 og 1950 (Figur 54 og Figur 55).




Figur 55 – Landbruksbygningane dominerer i samlinga til Jærmuseet.

Mønsteret gjentek seg når me ser på bygningstypar (Figur 57).




Figur 56 – Bygningane delte inn etter type/kategori.

Deler me inn bygningane etter byggjemateriale, ser me at trebygningane dominerer i mengd (Figur 58), men ikkje like mykje når det gjeld tal på kvadratmeter (Figur 57).



Figur 57 – Oversikt over mur- og trebygningar i samlinga.



Figur 58 – Bygningssamlinga målt i kvadratmeter (BYA).

### 3.2.5 Dalane Folkemuseum

Dalane Folkemuseum, stifta i 1910, er eit konsolidert museum for kommunane Bjerkreim, Lund, Sokndal og Eigersund. Museet har hovudsete i Eigersund.

#### 3.2.5.1 Bygningssamlinga

Dei første åra heldt museet til på garden Årstad i Eigersund, fram til museet fekk hand om den gamle lyststaden til sorenskrivar Feyer i 1934. Dette blei hovudanlegget til museet.



Figur 59 – Hovudbygningen på Slettebø etter sorenskrivar Feyer.

Tanken var å byggja opp eit «dalbutun» rundt dette anlegget med ulike bygningstypar som representerte Dalane. Det første av desse husa som blei

oppført, var ei stolpebu frå Øygard i Øvre Sirdal. Dette skjedde i 1935. Seinare kom krigen og sette ein stoppar for bygginga av dalbutunet. Då blei området okkupert av tyskarane og brukt som militærleir. Museet måtte evakuera og flytta ut samlingane frå Slettebø. Det blei bygd brakker på alle kantar av museumsområdet. Då krigen var over, fekk museet overta nokre av desse bygningane, og dei blei slik ein del av samlinga.

I etterkrigstida gjekk museet vekk frå ideen om å flytta bygningar, og dei gjekk i staden inn for å ta vare på bygningane der dei stod. Den første bygningen museet kjøpte med dette for auge, var ei sjøbu på Sogndalstrand. Dette skjedde i 1950. Vidare utover på 1950-talet skaffa museet seg ei rekkje bygningar: ei kornløe i Austrumdal, eit anlegg med kvernhus og tørke på Fuglestad og forpaktarbustaden på Slettebø. Seinare kjem ein aktiv periode på 1970-talet. Først flyttar museet eit skulehus til Slettebø. Vidare får dei hand om bygningar i Eigersund: sjøbu og utedo på Hovland/Eigerøy, eigedomen Bilstad med bustadhus med seglmakarloft og uthus i tillegg til tørke og kvern på Øyne.



Figur 60 – Det gamle sjøhuset Hadlands Minde på Hovland, Eigerøy, blei bygd i 1826 og gjeve til Dalane Folkemuseum i 1978.




To nye kvernhus blir lagde til samlinga på 1980-talet: eit i Omdal og eit på Stapnes. Samstundes blir det laga avtale om ein arbeidarbustad i Egersund og ei fagardløe og eit fjøs på Barstad.



Figur 61 – Fagardløa på Barstad. Dette er ein viktig del av byggjeskikken i Dalane. Det er svært få slike løer att.


I 1993 får museet ansvar for Mysinghållå – ein skjulestad for motstandsfolk under krigen. Så kjem ein periode der museet konsentrerer seg om bygningane rundt Slettebø. Nå får museet hand om fleire av nabobygningane til sorenskrivargarden: først administrasjonsbygget (2000), så lòa og «Østebygget», kjøkenbygget og eit vaskeri og ei systove (2017). Dette er bygningar som høyrde til Bakkebø, ein institusjon for psykisk utviklingshemja. Institusjonen blei etablert etter krigen på området som var tysk militærleir.

Utover på 2000-talet får museet hand om bygningar i Jøssingfjord: dei to husa under Hellenen (2002), ein kraftstasjon med tilhøyrande anlegg (2012) og arbeidarbustad (2018).



Figur 62 – Oversikta viser at museet har hatt mange innsamlingsperiodar. Den mest aktive ser ut til å vera i nyare tid. I denne perioden konsentrerte dei seg om bygningar på Slettebø/Bakkebø og i Jøssingfjord.


Bygningane til Dalane Folkemuseum er fordelte over fleire hundreår om me ser på byggjeår (Figur 63).




Figur 63 – Oversikt over byggjeår for bygningane i samlinga. Dalane Folkemuseum har flest bygningar frå første halvdel av 1900-talet.

Mønsteret som teiknar seg, liknar det i samlingane til Ryfylkemuseet og Haugalandmuseet. Men: Dalane Folkemuseum skil seg frå dei andre ved at dei har flest bygningar frå første halvdel av 1900-talet. Dette har mellom anna å gjera med at museet har ein del bygningar frå krigen og Bakkebøinstitusjonen.

Ser me på heile hundreår, er det igjen 1800-talet som peikar seg ut. I denne gruppa er det mange kvernhus (landbruksbygningar), noko som kjem fram i oversikta over funksjonar og bygningstypar (Figur 66 og figur 65).




Figur 64 – Landbruksbygningar, busetnad og krigsrelaterte bygningar er det museet har mest av.




Figur 65 – Bygningane delte inn etter type/kategori.

Dalane Folkemuseum har bygningar i både mur og tre. Det er klart flest bygningar i tre (Figur 66), men mest like mykje i mur og tre målt i talet på kvadratmeter BYA (Figur 67).



Figur 66 – Oversikt over mur- og trebygningar i samlinga.



Figur 67 – Bygningssamlinga målt i kvadratmeter (BYA).



### 3.2.6 Bygningssamlingane i Rogaland

Ser me på bygningssamlingane i Rogaland under eitt, er inntrykket at det er mange landbruksbygningar frå 1800-talet. Dette er ikkje uventa, då primærnæringane er og har vore svært viktige i Rogaland. Samstundes bør biletet nyanseras meir. Landbruksbygningane spenner over ulike sosiale lag og viser fram ulike «dialektar» innan byggjeskikken. Det er til dømes stor skilnad mellom låven på storgarden/lystgarden Ledaal (Figur 68) og låven på husmannsplassen Bakken (Figur 69). Variasjonen innan dialektane i byggjeteknikk og byggjeskikk er òg viktige å få med i denne samanhengen.



Figur 68 – Ledaal var ikkje berre ein lystgard. Låven på Ledaal blei bygd på starten av 1800-talet og vitnar om ei interesse for jordbruk. Garden blei driven som eit framtidretta og moderne mønsterbruk. Særskilt innan husdyrhald var «bonden på Ledaal» på mange måtar ein føregangsmann, og livdyr frå fjøset hans var rekna for å vera flotte.

Låven er mura i tegl (første etasje) med ein trekonstruksjon over. Det er òg døme på innmura bindingsverk i bygget.




Figur 69 – Bakken blei bygd på midten av 1700-talet som husmannsplass under garden Dalåker på Rennesøy. På Bakken budde folk og dyr under same tak. Her er hus for dyr og fôr i eine enden (nærast) og bustad i andre enden.

Det er ikkje mange slike samanbygde hus att i Rogaland.

På Bakken er stovedelen lafta, medan løedelen er i stavkonstruksjon.


I tillegg til bondekulturen har kystkulturen ein viktig plass i eit fylke som Rogaland. Det vitnar dei mange nausta og sjøhusa om. Alle regionmusea har slike bygningar i samlinga si. Det same gjeld bykulturen. Kvart av musea har bustadhus i bymessige omgjevnader.

Bygningssamlingane speglar i stor grad særpreget i regionen. Dette kjem til uttrykk i bygningstypar, byggjeskikk, materialbruk o.a. Oversikta under (Figur 70) viser breidda i konstruksjonstypar og material.



Figur 70 – Hovudkonstruksjon i bygningssamlingane på musea i Rogaland, vist etter talet på bygningar. Merk at alle reiste konstruksjonar utan stavbygg (grindbygg) er samla i éi gruppe.

Tre dominerer som byggjemateriale (Figur 71) med konstruksjon i laft, stav og andre reiste konstruksjonar.



Figur 71 – Oversikt over hovudmateriale i bygningane på musea i Rogaland.

Tilgangen til trevirke har variert frå region til region. Historisk sett har Haugalandet, Stavanger og Jæren og dessutan Dalane hatt liten tilgang på trevirke lokalt. Ryfylke hadde derimot mykje skog i tillegg til vasskraft som kunne driva sagene ved fjorden. Ryfylkeregionen leverte skog til eksport og til dei andre regionane i fylket.

Når tre er det dominerande materialet i bygningssamlinga, gir dette også føringar for kva type handverkarar som blir tilsette ved musea. Dei fleste handverkarane er tømrrarar, nokre er utdanna møbelsnikkarar, medan berre éin har mur og stein som sin spesialkompetanse.

### 3.3 Bygningssvern på musea

Bygningssvern handlar om meir enn dei fysiske bygningane. Utan kunnskap om tradisjonshandverk, material, byggjeteknikkar og verktøybruk vil det ikkje vera mogleg å ta vare på bygningane på musea i framtida.

Den immaterielle kulturen (den handlingsborne kunnskapen) er ein føresetnad for eit godt bygningssvern og eit grunnlag for formidling av tradisjonskunnskap.

UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven løftar fram handling og handverk. Å ta vare på kunnskapen om tradisjonshandverk er eit klart definert arbeidsområde i konvensjonen.

Her har musea ei viktig rolle. Siv Leden peikar på dette i Kulturrådets rettleiing<sup>Feil! Bokmerke er ikke definert.</sup> for forvaltning av museumsbygningar:

*Ikke minst kan museene bidra til å bevare det store mangfoldet av lokale varianter av tradisjonelt håndverk. Dette forutsetter at vern av handlingsbåren kunnskap inngår i programmer og planer for bygningssvern i museet. Museene må drive et bevisst arbeid med å registrere, gjenreise, dokumentere og videreføre kunnskapen til nye generasjoner*

Bygningssvernet har ulike sider, og bygningssamlingane rommar difor moglegheiter innan alle dei fire arbeidsområda for musea: forvaltning, forskning, formidling og fornying.

#### 3.3.1 Forvaltning

Gjennom forvaltninga av bygningane driv musea med praktisk bygningssvern. Slik sett forvaltar musea både bygningane og handverket. Med bygningssamlingar som spenner over ulike tidsepokar, sosiale sjikt, ulike tema og materialar, blir handverkarane ved musea kjende med ulike typar handverk og teknikkar.



Figur 72 –  
Handverkarar ved  
Haugalandmuseet  
tekte om den vølte løa  
på Veien med villheller  
i 2017.



### 3.3.2 Forsking

Bygningane er også ei kjelde til kunnskap. Det er gjerne brukt som eit viktig argument for kvifor musea skal ha ei bygningssamling. Då er det viktig at musea brukar bygningane som kjelde: til kunnskap om bygningshandverk, materialbruk, prosessar og metodar. Denne kunnskapen kan ha relevans og overføringsverdi til bygningar utanføre musea òg.

Figur 73 –  
Dokumentasjon av  
verktøyspor. Her er det  
handverkarane på  
Ryfylkemuseet som  
gjer undersøkingar til  
eit studentprosjekt i  
tømring. Dei valde då  
Røsslistova i  
bygningssamlinga til  
museet som førebilete  
og bygde ein  
rekonstruksjon av  
laftekasse der dei òg  
søkte å rekonstruera  
verktøy og  
arbeidsprosess.



### 3.3.3 Formidling

Byggningsvern og handverk er takksame å formidla. Det er konkret og visuelt, og det er lett å invitera og engasjera publikum til å delta.



Det er òg eit tema som er høgst aktuelt og relevant. Interesse for tradisjonshandverk, for miljøvenlege material og kortreiste løysingar er større enn nokon gong. Her har musea ei viktig formidlingsoppgåve.



Figur 74 – Sven Hoftun, handverkar ved Ryfylkemuseet, under Tall Ships Races i Stavanger i 2018.

### 3.3.4 Fornyning

Omgrepet «fornyning» er mykje brukt i museumssamanheng etter St.meld. nr. 49 (2008–2009) *Framtidas museum*\* blei lansert. I meldinga er omgrepet forklart slik:

*Gjennom faglig utvikling, nytenking og profesjonalisering, skal museene være oppdaterte og aktuelle i alle deler av sin virksomhet, være solide institusjoner og ha en aktiv samfunnsrolle.*

Fornyning handlar altså om å vera aktuell og relevant.

Nå har me allereie nemnt handverk og miljø som relevante tema som har publikum si interesse i dag. Dagens klimadebatt gjer dette berre meir aktuelt og viktig.

Fornyning blir i meldinga også brukt om digitalisering. Her er ein godt i gang på musea i Rogaland: Dei fleste bygningane er nå registrerte i Primus og etter kvart på DigitaltMuseum. Vidare brukar fleire museum sosiale media, blogg og YouTube til formidling av bygningsvern.

### 3.3.5 Samarbeid

I Rogaland har konsolideringsarbeidet halde på i mange år. Før museumsreforma og konsolideringsprosessane starta, bestod museumslandskapet i Rogaland av mange små og mellomstore museum. I dag står desse att: Dalane Folkemuseum, Jærmuseet, Museum Stavanger (MUST), Ryfylkemuseet, Haugalandmuseet og Norsk Oljemuseum i tillegg til nokre mindre kommunale museum som ikkje ønskte å ta del i konsolideringane.

Telemarksforsking evaluerte i 2016 museumsreforma i Rogaland på oppdrag frå Rogaland fylkeskommune<sup>xv</sup>. Der blei det konkludert med at det var gode grunnar til å fortsetja med inndelinga i ulike regionmuseum. Telemarksforsking peika på at ein – i staden for nye konsolideringar – burde styrkja fagleg samarbeid på tvers av musea. Dette har både fylkeskommunen og fagmiljøa ved dei ulike musea teke til orde for, både gjennom å etablere ulike fagnettverk og Fellestjenestene.

#### 3.3.5.1 Fellestjenestene

Fellestjenestene – med fotoarkivar, bygningsantikvar og samlingsteam/konserveringsteam – har styrkt samarbeidet mellom musea og det faglege arbeidet ved musea.

Telemarksforsking skriv:

*I tillegg til det som finnes ved hvert enkelt museum av kompetanse og ressurser, utgjør fellestjenesten en viktig ressurs, jf. kapittel 3.1. Basert på surveysvar og institusjonsbesøk, er vårt samlede inntrykk at den kompetanse og de ressursene fellestjenesten bidrar med inn i museene er svært verdifull, noe som også kommer fram i en artikkel i Museumsnytt fra 2015.*

Arbeidet med bygningsvernundersøkinga illustrerer godt korleis samarbeidet mellom musea i Rogaland fungerer.

#### 3.3.5.2 Lokalt byggnettverk

I rapporten om bygningsvern på musea (2011) etterlyser Roy Høibo meir samarbeid mellom musea innan bygningsvern. Han viser til at me har eit nasjonalt nettverk, Museumsnettverk for tradisjonshåndverk, og følgjer opp med denne refleksjonen:

*Men kanskje det aller mest nærliggande er å stille spørsmål ved om ikkje musea i Rogaland kunne ha nytte av eit nærmare samarbeid? Kan hende kan det vera*

aktuelt å vurdere oppretting av fylkesomfattande nettverk som lokale greiner av dei nasjonale museumsnettverka.

Nå har musea i Rogaland gjort nettopp dette. Tysdag 12. november 2019 møttest representantar frå dei fem regionmusea på Sand for å etablera eit lokalt byggnettverk for Rogaland.

Denne første samlinga hadde meir på programmet: Etter at formalitetane rundt stiftinga var gjennomførte, følgde demonstrasjonsforedrag i verkstaden på Ryfylkemuseet. Sven Hoftun og Kjell Gunnar Haraldseid viste fram bacheloroppgåva si: *Endepløying på liggande kledning*<sup>xi</sup>.



Figur 75 og 76 – Demonstrasjon i verkstaden. Sven Hoftun og Kjell Gunnar Haraldseid demonstrerte og fortalde for ivrige tilhørarar. Foto: Mathies Ekelund Erlandsen.

Formålet med nettverket er å vera ein arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for handverkarar tilsette ved regionmusea i Rogaland.

Nettverket skal arrangera kurs og samlingar innan praktisk bygningsvern. Desse kan vera opne for handverkarar og andre som arbeider med bygningsvern.

Bygningsantikvaren i Fellestjenestene har det koordinerande ansvaret. Det vil seia å vera kontaktperson internt (for musea) og eksternt, kalla inn til nettverksmøte og organisera kurs og samlingar.








## 4 Tilstand

Sentralt i arbeidet med bygningsvernundersøkinga er tilstandsvurderinga. Dette går tydeleg fram av brevet frå Kulturdepartementet der dei ber musea om å gjennomføra «en kartlegging og tilstandsvurdering av sine kulturhistoriske bygninger» innan utgangen av 2019. Denne delen av undersøkinga kravde mest tid og ressursar av musea. Samstundes er det truleg dette som har høgast verdi for dei òg. Oppdaterte tilstandsvurderingar gjev eit tydeleg bilete av ressursbehovet og er viktige i planlegging og prioritering av forvaltingsoppgåver i bygningssamlinga.

### 4.1 Tilstandsgrad

#### 4.1.1 Ryfylkemuseet

Ryfylkemuseet har den største bygningssamlinga i Rogaland – om me ser på talet på bygningar i samlinga. Om lag halvparten av bygningane er i god stand, medan den andre halvparten krev meir vedlikehald (Figur 77).



Figur 77 – Tilstandsgrad for bygningssamlinga til Ryfylkemuseet.

##### 4.1.1.1 Tilstandsgrad 1 – svake symptom

Ryfylkemuseet har 35 bygningar i tilstandsgrad 1. Dette utgjør 47 prosent av bygningssamlinga. Ein stor del av desse bygningane har vore gjennom ei omfattande istandsetjing dei siste ti åra og er difor i relativt god stand i dag. Elles er det verdt å merka seg at sysselsetjingsmidlane frå 2016 kom godt med:

13 av desse 35 bygningane blei sette i stand dette året. Ein av desse var smia på Kolbeinstveit.



Figur 78 – Smia på Kolbeinstveit slik ho ser ut i dag. Smia er vurdert til tilstandsgrad 1.

Dette blei gjort i 2016: Tømmeret blei merkt og plukka ned. Grunnmuren og essa blei vølte. Skoging og rydding rundt bygningen. I tillegg blei terrenget senka (på eine sida hadde terrenget bygd seg opp over tid). Laftet blei sett saman att og rotne stokkar skifta ut. Taket blei tekt, og smia fekk ny belg.

I bygningsvernundersøkinga er smia vurdert til **tilstandsgrad 1**.

Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- å fjerna massar på baksida av huset for å hindra at terrenget byggjer seg opp att.

Tiltaket er vurdert til å krevja om lag to arbeidstimar.

#### 4.1.1.2 Tilstandsgrad 2 – vesentlege symptom

Ryfylkemuseet har 24 bygningar i tilstandsgrad 2. Dette utgjer 33 prosent av bygningssamlinga. Mellom desse bygningane finn me både bygningar som har vore sette i stand dei siste 10–15 åra, og bygningar som har stått i fleire tiår utan stort meir enn tilsyn og mindre vedlikehald. Ein av bygningane som er sett i stand nokså nyleg, er stampa på Kvæstad.



Figur 79 – Stampa på Kvæstad er vurdert til tilstandsgrad 2.

I 2010 blei det gjort ei tilstandsvurdering som avdekte fleire skadar. Året etter blei det sett i verk fleire tiltak: Det blei skifta nokre trobord og sperr, det blei lagt nytt lag med never, dei gamle torvhaldsstøkkane blei bytte ut, og to nye jernkrokar blei sette på. I tillegg blei vasshjulet og vassrenna vølte (mindre reparasjonar).

Sjølv om det ikkje er meir enn åtte år sidan bygningen blei sett i stand, er tilstanden nå slik at museet må gjera nye tiltak som må reknast som meir enn vanleg vedlikehald. Stampa på Kvæstad er representant for ein bygningstype som krev særskild oppfølging med tilsyn og tiltak. Dette kjem mykje av plasseringa, den opphavelige funksjonen og dei tilhøyrande anlegga: Stampa er vassdriven og ligg difor naturleg nok ved ei lita elv. Dette gjer at bygningen står i eit fuktig miljø. Til stampa høyrer det med vassrenner, vassjul og «maskineriet» med alle delane til stampa. Ein del av vedlikehaldsrutinane handlar om å setja vatn på, la dette vaska renna rein slik at veksten av mose blir redusert, o.a. For at stampa som heilskap skal reknast for å vera i stand, bør alle delane fungera og vera «operative». Tek me bort vassrenner, vassjul og andre element – kva har me då? Ein bygning utan funksjon og kontekst. Stampa, saman med andre vassdrivne bygningar i samlinga, er ressurskrevjande å forvalta. Meir enn 80 prosent av dei vassdrivne bygningane er i tilstandsgrad 2 eller 3.



I bygningsvernundersøkinga er stampa vurdert til **tilstandsgrad 2**.

Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- reparasjon av den nedre delen av stavane
- nye bord over akslingen i sør og ny «negling» (stokk som akslingen kviler på)
- enkelte nye sidebord i vassrenna

Tiltaka er vurderte til å krevja om lag tolv arbeidstimar.

### 4.1.1.3 Tilstandsgrad 3 – kraftige symptom

Ryfylkemuseet har 15 bygningar i tilstandsgrad 3. Dette utgjer 20 prosent av bygningssamlinga. Av desse bygningane er størstedelen (60 %) vassdriven og har slik dei same utfordringane som stampa. Ein av bygningane som *ikkje* er vassdriven, er Røsslistova.



Figur 80 – Røsslistova er vurdert til tilstandsgrad 3.

Denne husmannsstova blei studert nøye av museumshandverkarane Sven Hoftun og Kjell Gunnar Haraldseid då dei gjekk bachelorstudiet i tradisjonshandverk ved NTNU. I faget *tradisjonsfagleg utøving* valde dei Røsslistova som førebilete. På bloggen sin<sup>xii</sup> skriv dei:

*Dette er ei forseggjort stove med fint avrunda stokkar i veggane på innsida, utan synlege kinningar. Utvendig er det ein grovare utføring med øksa overflate og rektangulære hovud og kinningar i nova.*



Dei bygde så ein rekonstruksjon av stova som deretter blei seld vidare til ein privatperson. Arbeidstimane som gjekk med til dette arbeidet, kom på om lag 1200 timar.

I bygningsvernundersøkinga er Røsslistova vurdert til **tilstandsgrad 3**.

Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast på det raude huset:


- merkja og plukka ned heile huset
- mura opp att grunnmuren
- setja opp laftekassa med tømmer som er i god nok stand. Resten må erstattast med nye stokkar.
- leggja nytt tak
- vøla vindaug og dører som er i TG2, og rekonstruera dei vindauga som er i dårlegast stand
- vurderer å bordkle huset utvendig

Tiltaka er vurderte til å krevja om lag 1200 arbeidstimar.

Når det gjeld estimering av tidsbruken her, har museet nokså godt grunnlag etter rekonstruksjonsarbeidet som handverkarane gjorde som studentar. Arbeidsmengda er større, men det er òg erfaringa og treninga. Truleg bør museet rekna med at timetalet kan bli noko høgare.

## 4.1.2 Haugalandmuseet

Haugalandmuseet overtok i 2019 forvaltingsansvaret for fleire bygningar. Dette påverkar oversikta over tilstandsgraden til bygningssamlinga (Figur 81).



Figur 81 – Tilstandsgrad for bygningssamlinga til Haugalandmuseet.

### 4.1.2.1 Tilstandsgrad 0 – ingen symptom

Haugalandmuseet har ein bygning i tilstandsgrad 0. Det er tollbua på Nedstrand. Årsaka til at museet her brukar tilstandsgrad 0, er at bua står inne i eit vernebygg.



Figur 82 – Tollbua står inne i eit nybygg.

### 4.1.2.2 Tilstandsgrad 1 – svake symptom

Haugalandmuseet har 24 bygningar i tilstandsgrad 1. Dette utgjør 44 prosent av bygningssamlinga. Dette er bygningar som har vore høgt på prioriteringslista og fått hyppig vedlikehald og/eller vore gjennom ei omfattande istandsetjing dei siste fem til ti åra. Til dømes var seks av bygningane sette i stand i 2016 ved hjelp av sysselsetjingsmidlane. Stabburet i Vikedal blei ein av desse bygningane.



Figur 83 – Stabburet i Vikedal er vurdert til tilstandsgrad 1.

Det blei då sett i verk ei rekkje tiltak: Huset fekk ny kledning måla med komposisjonsmåling, nytt rekonstruert vindauge (slik det hadde vore opphavelleg), og taket blei tekt om.

I bygningsvernundersøkinga er stabburet vurdert til **tilstandsgrad 1**. Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- fjerna kratt og vegetasjon rundt huset
- rydda under huset (skrot) og inne (fjerna ved og liknande som ikkje bør lagrast i huset)

Tiltaka er vurderte til å krevja om lag 30 arbeidstimar.

### 4.1.2.3 Tilstandsgrad 2 – vesentlege symptom

Haugalandmuseet har 22 bygningar i tilstandsgrad 2. Dette utgjør 40 prosent av bygningssamlinga (om lag tilsvarande som for bygningar med tilstandsgrad 1). Bygningane er med på vedlikehaldsrundane til museet, men det kan sjå ut til at dei ikkje kjem i kapp med forfallet likevel. Det kan koma av at talet på bygningar har auka jamt, men at ressursane til handverkarstillingar ikkje har auka tilsvarande. Verdt å merka seg er at i TG2-gruppa finn me mange av bygningane som museet skaffa på 1980-talet. Det kan vera ei anna forklaring på

kvifor desse bygningane er i middels/dårleg stand og krev meir enn vanleg vedlikehald. Bygningsmiljøet i Solhåla er eit av anlegga museet fekk hand om på 1980-talet.



Figur 84 – Sjøhusa i Solhåla er vurderte til tilstandsgrad 2.

Solhåla består av to naust og to sjøhus i Veavågen på Karmøy. Slik blir miljøet skildra i årboka til museet frå 1983<sup>xiii</sup>:

*Anlegget avspeiler ulike faser i utviklingen av miljøet omkring fisket kombinert med jordbruk. De tre naustene representerer en eldgammel type, mens sjøhusene som er reist foran disse hører sildefisket sent på 1800-tallet til. Foruten bygningene taler veier, murer, kaier og båtopptrekk sitt tydelige språk om hvordan anlegget har fungert.*

Bygningane blei restaurerte i 1980–1983. I dag er nausta i dårlegast stand, medan sjøhusa (Figur 84) er noko betre.

I bygningsvernundersøkinga er sjøhusa vurderte til **tilstandsgrad 2**. Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- byta ein del kledningsbord på sørveggen
- byta panner på tak, eventuelt byta sløyfer/lekter og papp

Tiltaka er vurderte til å krevja til saman 250 arbeidstimar for begge sjøhusa.

#### 4.1.2.4 Tilstandsgrad 3 – kraftige symptom

Haugalandmuseet har åtte bygningar i tilstandsgrad 3. Dette utgjer 14 prosent av bygningssamlinga. Som nemnt ovanføre er nausta i Solhåla to av desse bygningane. Elles kan me leggja merke til at tre av dei andre bygningane har ein bruk som påverkar tilstanden og forfallet kraftig: to utedoar og eit hønsehus. Slike bygningar (særskilt om dei er i bruk) blir fuktige og varme på grunn av

komposteringsprosessen. Andre bygningar som peikar seg ut i denne tilstandsgruppa, er dei bygningane som har ei litt uviss framtid. Det vil seia det er ikkje fastsett og gjort avtale om kven som skal eiga, forvalta, kosta osv. I vente på ei avgjerd i slike saker blir desse bygningane ståande med mellombelse sikringsløysingar. Ein slik bygning er Sisselastova.



Figur 85 – Sisselastova er vurdert til tilstandsgrad 3.

I bygningsvernundersøkinga er Sisselastova vurdert til **tilstandsgrad 3**. Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- grunnarbeid og muring av grunnmur
- merking av bygningsdelar før demontering
- utskifting av rotne stokkar i laftekassa
- nytt tak (sperr, tekking)
- noko ny kledning pluss eit målingsstrok


Tiltaka er vurderte til å krevja om lag 1700 arbeidstimar.

### 4.1.3 Museum Stavanger

Museum Stavanger er det minste bygningsmuseet om me ser på talet på bygningar, men ikkje om me ser på kvadratmeter og volum. Dette har vore mykje å halda for ein liten handverkarstab. Dette har i sin tur ført til at museet i




dag er i ein situasjon der om lag halvparten av bygningane er i middels stand og berre ein femtedel er i god stand (Figur 86).



Figur 86 – Tilstandsgrad for bygningssamlinga til MUST.


Museum Stavanger skil seg noko frå dei andre musea når det gjeld modellar for eigarskap og forvaltning, drift og vedlikehald. Ein del av bygningane forvaltar museet sjølv (om lag halvparten), medan resten er eigd og forvalta av kommunen. Driftsmodellen påverkar tilstanden, slik det går fram av figurane under.

MUSEET FORVALTAR



Figur 87

KOMMUNEN FORVALTAR



Figur 88

Stavanger kommune, som eig fleire av bygningane i samlinga, har vedkjent seg utfordringar med vedlikehald og har difor laga ein avdeling for antikvariske bygningar i kommunen i 2019. Museum Stavanger skal saman med avdelinga utarbeida planar for restaurering og vedlikehald av bygninga, og vil leggja bygningsvernundersøkinga til grunn for det vidare arbeidet.

### 4.1.3.1 Tilstandsgrad 1 – svake symptom

Museum Stavanger har fire bygningar i tilstandsgrad 1. Dette utgjør 20 prosent av bygningssamlinga. Som vist over er dette i hovudsak bygningar som museet forvaltar. Ein av desse er arbeidarbustaden i Øvre Strandgate 90.



Figur 89 – Hovudbygningen på Ledaal er vurdert til tilstandsgrad 1.

Huset, som museet overtok i 1997, blei restaurert og innreidd med leilegheiter frå 1920- og 1960-åra. Arbeidarbustaden var ferdig restaurert i 2002. Etter dette er bygningen halden ved like utvendig. Mellom anna var det større arbeid på huset i 2012 etter ein taklekkasje. Det førte til at delar av taket blei skifta, og at det blei lagt ny kledning.

I bygningsvernundersøkinga er arbeidarbustaden vurdert til **tilstandsgrad 1**. Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- noko arbeid med muren, vask og mindre reparasjonar
- fjerning av mose på tak
- rustbehandling av takvindauge

Tiltaka er vurderte til å krevja om lag 45 arbeidstimar.

### 4.1.3.2 Tilstandsgrad 2 – vesentlege symptom

Museum Stavanger har ti bygningar i tilstandsgrad 2. Dette utgjør 50 prosent av bygningssamlinga. I denne gruppa finn me nokre av bygningane i Nedre Strandgate (Stavanger maritime museum) i tillegg til Utstein kloster.



Figur 90 – Utstein kloster består av fleire bygningar/fløyer. Kyrkjefløy (nordfløya) er vurdert til tilstandsgrad 2.

Utstein kloster kan delast inn i fire fløyer: nord, sør, aust og vest. I bygningssamlinga har desse fått eigne nummer og blir i undersøkinga tekne med som enkeltbygningar. Alle fløyene har fått tilstandsgrad 2.

I bygningsvernundersøkinga er kyrkjefløyene vurderte til **tilstandsgrad 2**. Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- restaurera/tilbakeføra blyglasvindauga. Her er det kritisk på grunn av rustsprenging.
- restaurera innramminga av vindauge i kleberstein, erstatta betong med kalkmørtel
- kalka vegger innvendig

Tiltaka er vurderte til å krevja om lag 7670 arbeidstimar.

#### 4.1.3.3 Tilstandsgrad 3 – kraftige symptom

Museum Stavanger har seks bygningar i tilstandsgrad 3. Dette utgjer 30 prosent av bygningssamlinga. Ein av desse bygningane er villaen Breidablikk.

Figur 91 – Breidablikk er vurdert til tilstandsgrad 3.



I 2016 engasjerte Museum Stavanger ein restaureringsarkitekt til å gjera tilstandsvurdering av Breidablikk. Det blei då avdekka ein del forhold som burde utbetrast for å unngå vidare forfallsskader. Etter dette blei det sett i verk tiltak retta mot soppskader i kjøken og kjellar, og det blei gjort omfattande arbeid med «røykeværelset» der det òg var funne skader. Då tilstandsvurderinga blei gjennomført i 2019 var det sett i gong eit arbeid med å tilbakeføra fasaden (sjå side 111), men mykje av dette arbeidet gjenstår.

I bygningsvernundersøkinga er Breidablikk vurdert til **tilstandsgrad 3**. Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- utbetra skader i takteking og undertak der det har vore lekkasjar
- reparera skader i nedlaup/renner og tilhøyrande beslag og treverk
- restaurera grunnmur; fjerna sementpuss, og påføra ny puss og mineralsk maling
- restaurera vindauge; skrapa maling, kitta om, byta ut skadd treverk
- fasadearbeid; skrapa maling, byta ut rotne bygningsdeler, måla med linoljemaling


Tiltaka er vurderte til å krevja om lag 7900 arbeidstimar.

#### 4.1.4 Jærmuseet

Jærmuseet er i ein unik situasjon jamført med dei andre musea i Rogaland, då museet har skriftlege avtalar med kommunane om økonomisk vederlag for vedlikehald og restaurering av dei antikvariske bygningane som dei forvaltar for kommunane. Dette gjeld ikkje heile bygningssamlinga, men ein stor del. Det er difor ikkje overraskande at mest 70 prosent av samlinga hamnar i tilstandsgrad 1 (Figur 92). Samstundes har jamt vedlikehald og tilsyn med desse bygningane



vore oppgåva til handverkarane på Jærmuseet, og dette har dei følgd opp. God oppfølging gjer at museet unngår at bygningar hamnar i tilstandsgrad 2 og 3.



Figur 92 – Tilstandsgrad for bygningssamlinga til Jærmuseet.

#### 4.1.4.1 Tilstandsgrad 1 – svake symptom

Jærmuseet har 45 bygningar i tilstandsgrad 1. Dette utgjer 69 prosent av bygningssamlinga. Ein av desse bygningane er Knudaheio, diktarstova til Arne Garborg.



Figur 93 – Knudaheio er vurdert til tilstandsgrad 1.

I bygningsvernundersøkinga er Knudaheio vurdert til **tilstandsgrad 1**. Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- litt målingsarbeid enkelte stader på kledningen
- reparasjon/sikringstiltak (i krypkjellaren) av golvet/bjelkelaget i første etasje
- enkelte mindre reparasjonar i inngangspartiet/gangen

Tiltaka er vurderte til å krevja om lag 90 arbeidstimar.

#### 4.1.4.2 Tilstandsgrad 2 – vesentlege symptom

Jærmuseet har 16 bygningar i tilstandsgrad 2. Dette utgjør 25 prosent av bygningssamlinga. Over halvparten av bygningane i denne gruppa ligg utanføre publikumsanlegga. Nausta på Varhaug er døme på slike bygningar.



Figur 94 – Nausta på Varhaug er vurderte til tilstandsgrad 2.

I bygningsvernundersøkinga er nausta på Varhaug vurderte til **tilstandsgrad 2**. Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- tekkja om tak, byta ut nokre sperrer
- leggja ny kledning der det er rotne kledningsbord
- vøla murar der det er rasa ut

Tiltaka er vurderte til å krevja til saman 690 arbeidstimar for alle tre nausta. Dette er basert på innhenta tilbod frå eit lokalt firma.

#### 4.1.4.3 Tilstandsgrad 3 – kraftige symptom

Jærmuseet har fire bygningar i tilstandsgrad 3. Dette utgjør 6 prosent av bygningssamlinga. Av dei fire bygningane står tre ved vatn. Ein av desse er hjulhuset på Nordland.



Figur 95 – Hjulhuset på Nordland er vurdert til tilstandsgrad 3.

Statens Kornforretnings bekkekvernutval reiste i perioden 1955–1965 landet rundt for å registrera verneverdige kvernanlegg. Det blei klart at mange kvernhus var truga, og dette førte så til auka merksemd retta mot vern av nettopp denne bygningstypen. Dette er ein viktig bakgrunn til at mange kvernhus blei del av bygdemusea, og hovudårsaka til at musea i Rogaland har mange vassdrivne bygningar i samlingane sine. På 1970- og 80-talet var det sett av midlar til vøling av kvernanlegg, og dei fleste slike bygningar på musea blei sette i stand i denne perioden. Hjulhuset på Nordland var eit av desse. Det var entusiastiske eldsjeler som leia og utførte arbeidet, men her følgde dei ikkje antikvariske prinsipp, som «likt mot likt» eller restaurering og tilbakeføring til dokumentert tilstand. I staden var det ein meir romantisk idé som var førebiletet. Resultatet er ein bygning med ein dårleg utført konstruksjon og med material av låg kvalitet. Hjulhuset er slik eit døme på at det er viktig at musea

har forvaltingsansvaret, og på at det blir stilt krav til kompetanse hos dei som utfører arbeidet.

I bygningsvernundersøkinga er hjulhuset vurdert til **tilstandsgrad 3**.


Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- reparera skadar i svill og stavar
- vurdere å eventuelt byta ut heile konstruksjonen
- reparera akslingar

Tiltaka er vurderte til å krevja om lag 100 timar.

### 4.1.5 Dalane Folkemuseum

Dalane Folkemuseum har prioritert jamt vedlikehald av bygningane over mange år, og det kan me lesa av oversikta over tilstandsgradane (Figur 96).



Figur 96 – Tilstandsgrad for bygningssamlinga til Dalane Folkemuseum.

#### 4.1.5.1 Tilstandsgrad 1 – svake symptom

Dalane Folkemuseum har 22 bygningar i tilstandsgrad 1. Dette utgjør 53 prosent av bygningssamlinga. Ei av årsakene til dette er hyppige vedlikehaldsintervall og årlege rutinar. Ei anna årsak er at mange av bygningane har gått gjennom omfattande istandsetjing/restaurering dei siste åra. Ein slik bygning er lysthuset på Slettebø.





Figur 97 – Lysthuset på Slettebø er vurdert til tilstandsgrad 1.

Lysthuset blei sett i stand til grunnlovsjubileet i 2014. Bjelkelaget blei forsterka, himlingen ført tilbake med faspanel og spennpapp. Huset blei måla innvendig og utvendig i originalfargane. Utvendig blei rekkverket vølt, grunnmuren blei reparert og kalka, og dei fekk lagt nytt terrassegolv.

Sidan den gongen har museet vore innom huset på dei årlege vedlikehaldsrundane.

I bygningsvernundersøkinga er lysthuset vurdert til **tilstandsgrad 1**. Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- vøling av rekkverk. Delar av rekkverket må skiftast ut på grunn av rote.
- kalking av mur. Muren bør kalkast i løpet av neste sesong.
- mindre reparasjonar av vindauge med rust på hjørnejern og noko kitt som manglar
- måling av heile huset i løpet av neste sesong

Tiltaka er vurderte til å krevja om lag 90 arbeidstimar.

#### 4.1.5.2 Tilstandsgrad 2 – vesentlege symptom

Dalane Folkemuseum har 14 bygningar i tilstandsgrad 2. Dette utgjør 33 prosent av bygningssamlinga. Mange av desse bygningane er høgt prioriterte bygningar og mellom «stjerneobjekta» i samlinga. Bygningane er òg med på vedlikehaldsrundane til museet, men dei har likevel hamna i tilstandsgrad 2. Ei av årsakene til dette er at fleire av bygningane har til felles at dei krev eit særskilt vedlikehald både av di dei har høg verdi, materiell og immateriell verdi og/eller ein krevjande bruk. Ei anna årsak er at mange av bygningane har gått gjennom omfattande istandsetjing/restaurering dei siste åra. Døme på bygningar som høyrer inn her, er husa under Hellenen.



Figur 98 – Det raude Hellenen-huset er vurdert til tilstandsgrad 2.

Museet overtok Hellenen-husa i 2002. I arbeidet med bygningane har dei valt det dei kallar ei «forsiktig restaurering». Restaureringsfilosofien er formulert slik:

*Dalane Folkemuseum har gjort minst mulig endringer på husene fordi vi vil at de skal framstå mest mulig autentiske. Så langt har vi derfor bare gjort forsiktige og nødvendig vedlikehold. I forvaltningen av de unike bygningene er målet å gjøre minst mulig inngrep, slik at alle originale deler i størst mulig grad skal bevares.<sup>xiv</sup>*

Det er gjort større og mindre arbeid med husa kvart år sidan 2002. Det er stadig noko som må gjerast. Dette har mellom anna å gjera med det høge besøkstalet. Kvar sommar blir desse små, skjøre husa besøkte av fleire tital tusen. Det er eit tillitsbasert system: Musea let dørene stå ulåste mot at publikum er varsame og ikkje gjer hærverk. Sjølv om det har vore svært få tilfelle av direkte hærverk, er det ikkje til å koma vekk frå at det store besøkstalet slit på bygningane. Dette gjer at husa må ha hyppigare vedlikehald enn elles, og at museet må vurdere tiltak som kan koma i konflikt med restaureringsfilosofien som handlar om å gjera minst mogleg.

I bygningsvernundersøkinga er Helleren-husa vurderte til **tilstandsgrad 2**. Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast på det raude huset:

- retta opp grunnmuren enkelte stader der det er utglidingar
- stryka over blank linolje på treverk for å binda pigmentet att
- byggja ny trapp (kopi av eksisterande) pluss måling
- forsterka bjelkelaget i golv
- byta ut enkelt bord på taket (dei som er rotne)
- kalka pipe og eldstad inne

Tiltaka er vurderte til å krevja om lag 70 arbeidstimar.

#### 4.1.5.3 Tilstandsgrad 3 – kraftige symptom

Dalane Folkemuseum har seks bygningar i tilstandsgrad 3. Dette utgjer 14 prosent av bygningssamlinga. Årsakene til at museet har bygningar i TG3, er fleire. Nokre av bygningane er komne inn samlinga for kort tid sidan, og museet har ikkje hatt høve til å setja dei i stand ennå. Andre bygningar har ei plassering og installasjonar rundt som gjer vedlikehaldet krevjande. Dette gjeld til dømes kvernhus med tilhøyrande renner. Så har me bygningane som har blitt haldne ved like på «minimumsnivå» over fleire år. Dette inneber at dei har vore del av vedlikehaldsrundane, men museet har berre gjort det mest naudsynte og berre utvendig arbeid. Dette har sjølvsgatt med prioritering av ressursar å gjera. Det er grenser for kor mykje to handverkarar rekk over. Ein bygning som er «ramma» av dette, er potetkjellaren på Slettebø.



Figur 99 – Potetkjellaren på Slettebø er vurdert til tilstandsgrad 3. Museet planlegg restaurering av bygget i 2020. I prosjektet vil det særskilt bli jobba med kompetanseheving og dokumentasjon..

Bygningen er truleg frå sorenskrivar Feyer si tid og høyrer til sorenskrivargarden. Han er i mur og tre, og taket er tekt med never og torv. Etter krigen brukte Bakkebøinstitusjonen bygningen til lager. Det blei då lagt plater over torva på taket. Nå er bygningen tom og ventar på å bli sett i stand.

I bygningsvernundersøkinga er potetkjellaren vurdert til **tilstandsgrad 3**. Tilstandsvurderinga viste at følgjande tiltak bør gjerast:

- Takkonstruksjonen må vølast og taket tekkjast om med never og torv.
- Muren må vølast – det vil seia å mura opp igjen delar av muren.
- Muren må kalkast, og treverk må målast.
- Vindauge og dører må restaurerast eventuelt rekonstruerast.

Tiltaka er vurderte til å krevja om lag 800 arbeidstimar.

## 4.2 Oppsummering

Tilstanden til bygningssamlinga ved musea i Rogaland varierer frå museum til museum. Det samla biletet (Figur 101) viser at det står greitt til med om lag halvparten av bygningane. Ein tredjedel treng reparasjonar og tiltak som blir rekna som meir enn vanleg vedlikehald. Ein mindre del er i svært dårleg stand.

Helst skulle me sett at gruppa av TG1-bygningar var mykje større. Det bør vera eit mål for alle museum å halda bygningane på TG1-nivå.

Siv Leden skriv dette i rettleiinga *Forvaltning av museumsbygninger*<sup>iv</sup>:

*Hyppig, systematisk tilsyn og kontinuerlig forebyggende arbeid er selve definisjonen på god eiendomsforvaltning.*


*Ved å forebygge at skader oppstår og følge med på eventuell skadeutvikling, kan vi forhåpentlig unngå store og kostbare istandsettingsarbeider i framtiden. Det er både mest økonomisk og det som ivaretar bygningene best i et langsiktig perspektiv.*

Sjølv om me gjerne skulle hatt fleire bygningar på TG1-nivå, får me ta med oss at det ser ut til å vera ei positiv utvikling dei siste ni åra. Samanliknar me med situasjonen i 2010 (Figur 100), var til dømes gruppa av TG3-bygningar mykje større enn i dag. Dette har truleg å gjera med sysselsetjingsmidlane i 2016. Samstundes må me leggja til at ein bør vera forsiktig med å leggja for mykje


Jamt og rett vedlikehald er det beste vernet!



vekt på desse tala, då dei byggjer på ulike metodar og det er knytt fleire usikkerheitsfaktorar til dette.



Figur 100 – Tilstanden i 2010.



Figur 101 – Tilstanden i 2019.



## 5 Ressursbehov

God forvaltning handlar om å driva kontinuerleg vedlikehald for slik å unngå omfattande reparasjonar der originale bygningsdelar blir skifta ut. Eit mål bør difor vera å halda bygningane på TG1-nivå. Situasjonen i Rogaland viser at om lag halvparten av bygningane er i denne kategorien. Oppgåva framover blir dermed å halda desse bygningane på dette nivået samstundes som musea løftar bygningane som er i dårlegare stand, opp på det same vedlikehaldsnivået. Dette vil krevja mykje ressursar. Kor stort er dette ressursbehovet? Kva er kapasiteten ved musea i dag? Finst det gode løysingar som kan møta ressursbehovet?

### 5.1 Tidlegare kartleggingar

#### 5.1.1 Ressursbehova 2010–2011

I rapporten *Bygningsvern på musea*<sup>iii</sup> blei det ikkje lagt fram konkrete tal for å kunne måla ressursbehovet. Det blei i staden gjort ei samanlikning der ressursane på musea i Rogaland blei målte opp mot ressursituasjonen til andre museum med liknande bygningssamlingar. Konklusjonen var då denne:

*Musea i Rogaland, særleg dei tre minste, er generelt svakt bemanna i forhold til dei oppgåvene musea har. I prioriteringa mellom ulike oppgåver har musea dessutan gjort ulike val. Skal musea i noe større grad lukkast med å ta i ferde med dei store måla for musea, har dei behov for tilførsel av større ressursar.*

#### 5.1.2 Ressursbehov 2014

I 2014 blei alle musea bedne om å rapportera inn ressursbehovet for restaurering og istandsetjing av bygningssamlingane. Det samla behovet for musea i Rogaland blei då vurdert til 133,8 millionar kroner.

#### 5.1.3 Erfaringstal

Før konsolideringane var det fleire mindre museum i Rogaland. Erfaringar frå denne tida viste at ein handverkar, saman med frivillige og anna arbeidshjelp (sivilarbeidarar, arbeidsledige i sysselsetjingstiltak o.a.), greidde å ta seg av utvendig årleg vedlikehald av om lag 30 bygningar. Etter

Bilete til venstre: Handverkarar med rett kompetanse er ein føresetnad om musea skal driva eit truverdig bygningsvern og god forvaltning av bygningssamlinga. Her brukar Sven Hoftun, handverkar ved Ryfylkemuseet, grindsag til å gjera tilpassingar der sperra skal liggja på staven. Konstruksjonen er ein kopi av eit lokalt stavbygg. Arbeid med nybygg er naudsynt om handverkarane skal opparbeida seg djupare forståing av bygningstypar, konstruksjonar, verktøybruk og material. Slike prosjekt er gode høve til å driva forskning og skaffa meir kunnskap om



konsolideringsprosessar og ei profesjonalisering av musea er tendensen at stadig meir av tida til handverkarane går med til møteverksemd, reising, rapportering og driftsoppgåver/vaktmeistertjenester. Resultatet er at ein handverkarstilling slik kan rekka over årleg vedlikehald av om lag 15 bygningar. Dette er bygningar med ein gjennomsnittleg storleik på rundt 50 kvadratmeter (BYA).

#### 5.1.3.1 Andre erfaringstal

Musea gjorde seg mange erfaringar i sysselsetjingsåret (sjå kapittel 1.3), og desse er tekne med vidare i arbeidet med bygningsvernundersøkinga.

Erfaringstala frå 2016 gir ein peikepinn på kva musea kan venta av arbeid og resultat per handverkarstilling.

Ryfylkemuseet kan brukast som døme. I sysselsetjingsåret hadde museet tilsett ekstra handverkarar tilsvarande seks årsverk som arbeidde med tiltak på rundt tolv bygningar i alle tiltaksklassar. Dei beste av desse bygningane trong vanleg vedlikehald (vask, måling, kitting av nokre vindauger). Bygningane som var i dårlegast stand, måtte gjennom omfattande restaurering. Det vil seia at museet fekk sett i stand to bygningar per handverkar dette året.




Figur 102 – Naustet i Vigavågen (Hjelmeland kommune) høyrer til Ryfylkemuseet og er eit av bygga som blei sett i stand med sysselsetjingsmidlar i 2016. Delar av stavkonstruksjonen måtte bytast. Det same gjaldt sperretaket. I tillegg blei det lagt ny kledning, og taket blei tekt med dei same villhellene som tidlegare. Bygningen blei slik løfta frå TG3 til TG1.



## 5.2 Ressursbehovet på dei ulike musea

### 5.2.1 Ryfylkemuseet

Museet har i dag tre faste handverkarar, der ein av desse òg er driftsleiar. Alle har 100 prosent stilling.



Figur 103 – Figuren viser kor mange årsverk/stillingar museet treng for å gjera naudsynte tiltak på bygningar (delt inn etter tilstandsgrad). TG1 = grøn, TG2 = gul, TG3 = raud.

Med utgangspunkt i estimerte timar for tiltak på bygningane i TG1-gruppa kan me laga eit gjennomsnittstal for vedlikehald per TG1-bygning. Justerer me dette mot erfaringstala, kan me estimera kor mange handverkartimar museet treng per bygning. Omgjort til årsverk vil dette seia at dei på Ryfylkemuseet treng:


5 handverkarstillingar for å halda bygningssamlinga ved like.



Figur 104 – Bygningane i Tveitåno ved Kolbeinstveit er nå i dårleg stand og treng vøling.

## 5.2.2 Haugalandmuseet

Museet har i dag to faste handverkarar, der den eine òg er driftsleiar. Det vil seia dei to handverkarstillingane svarar til 150 prosent stilling.



Figur 105 – Figuren viser kor mange årsverk/stillingar museet treng for å gjera naudsynte tiltak på bygningar (delt inn etter tilstandsgrad). TG1 = grøn, TG2 = gul, TG3 = raud.

Med utgangspunkt i estimerte timar for tiltak på bygningane i TG1-gruppa kan me laga eit gjennomsnittstal for vedlikehald per TG1-bygning. Justerer me dette mot erfaringstala, kan me estimera kor mange handverkartimar museet treng per bygning. Omgjort til årsverk vil dette seia at dei på Haugalandmuseet treng:


**3,5 handverkarstillingar for å halda bygningssamlinga ved like.**



Figur 106 – Forfallet på våningshuset på Laupland (Bogn bygdemuseum) er kome langt, og det er sett inn sikringstiltak med eit provisorisk takoverbygg medan ein ventar på meir ressursar.

### 5.2.3 Museum Stavanger

Museet har i dag to faste museumshandverkarar, av dei fungerer ein som bygningsantikvar, tilsett i 2016. Dei to stillingane utgjer til saman 160 prosent.



Figur 107 – Figuren viser kor mange årsverk/stillingar museet treng for å gjera naudsynte tiltak på bygningar (delt inn etter tilstandsgrad). TG1 = grøn, TG2 = gul, TG3 = raud.

Med utgangspunkt i estimerte timar for tiltak på bygningane i TG1-gruppa kan me laga eit gjennomsnittstal for vedlikehald per TG1-bygning. Justerer me dette mot erfaringstala, kan me estimera kor mange handverkartimar museet treng per bygning. Omgjort til årsverk vil dette seia at dei på Museum Stavanger treng

4 handverkarstillingar for å halda bygningssamlinga ved like.




Figur 108 – Dette huset i Peder Klows gate er eit av dei første husa museet overtok. Det er behov for istandsetjing både utvendig og innvendig



### 5.2.4 Jærmuseet

Museet har i dag to faste handverkarar. Begge har 100 prosent stilling.



Figur 109 – Figuren viser kor mange årsverk/stillingar museet treng for å gjera naudsynte tiltak på bygningar (delt inn etter tilstandsgrad). TG1 = grøn, TG2 = gul, TG3 = raud.

Med utgangspunkt i estimerte timar for tiltak på bygningane i TG1-gruppa kan me laga eit gjennomsnittstal for vedlikehald per TG1-bygning. Justerer me dette mot erfaringstal, kan me estimera kor mange handverkartimar museet treng per bygning. Omgjort til årsverk vil dette seia at dei på Jærmuseet treng

**3 handverkarstillingar for å halda bygningssamlinga ved like.**

Figur 110 – Motlandsmia er ein av bygningane som står høgt på prioriteringslista for istandsetjing.





### 5.2.5 Dalane Folkemuseum

Museet har i dag to faste handverkarar, der den eine òg er driftsleiar. Den eine i 100 prosent stilling, medan den andre har 80 prosent stilling.



Figur 111 – Figuren viser kor mange årsverk/stillingar museet treng for å gjera naudsynte tiltak på bygningar (delt inn etter tilstandsgrad). TG1 = grøn, TG2 = gul, TG3 = raud.

Med utgangspunkt i estimerte timar for tiltak på bygningane i TG1-gruppa kan me laga eit gjennomsnittstal for vedlikehald per TG1-bygning. Justerer me dette mot erfaringstala, kan me estimera kor mange handverkartimar museet treng per bygning. Omgjort til årsverk vil dette seia at dei på Dalane Folkemuseum treng

**3 handverkarstillingar for å halda bygningsamlinga ved like.**



Figur 112 – Arbeidarbustaden i Jøssingfjord er ein av bygningane som museet har fått hand om i nyare tid. Her er det behov for istandsetjing i løpet av dei næraste åra.

## 5.2.6 Oppsummering

Slik ser situasjonen ut for musea i Rogaland:

MUSEUM	TG1, årsverk	TG2, årsverk	TG3, årsverk	SUM
Ryfylkemuseet	1,1	3,7	12,8	17,6
Haugalandmuseet	0,6	10,3	7,6	18,5
Museum Stavanger	1,2	24	62,4	87,6
Jærmuseet	2,2	5,3	7,9	15,4
Dalane Folkemuseum	1,7	1,5	5,3	8,5
TOTALT	6,8	44,8	96	147,6

Figur 113 – Oversikt over handverkarstillingar (årsverk) per bygningsgruppe delt inn etter tilstandsgrad.

Totalt treng musea i Rogaland **147,6 årsverk for å utføra naudsynte tiltak** (vedlikehald og restaurering) på bygningane i samlingane.

Behovet til Museum Stavanger åleine utgjør meir enn 60 prosent av det totale ressursbehovet. Merk at dette inkluderer bygningane som er eigd og forvalta av kommunen.


Det blei òg estimert ressursbehovet for ein tenkt situasjon der alle bygningane var på TG1-nivå. Kor mange handverkarstillingar treng musea for å halda bygningane på dette nivået?

MUSEUM	2019	BEHOV	SKILNAD
Ryfylkemuseet	3	5	- 2
Haugalandmuseet	1,5	3,5	- 2
Museum Stavanger	1,6	4	- 2,4
Jærmuseet	2	3	- 1
Dalane Folkemuseum	1,8	3	- 1,2
TOTALT	9,9	18,5	- 8,6

Figur 114 – Oversikt over handverkarstillingar ved musea i 2019 versus behovet for handverkarstillingar i 2019. Kolonnen lengst til høgre viser kor mange stillingar som manglar:


Totalt er det per i dag behov for **8,6 nye faste handverkarstillingar ved musea i Rogaland** i tillegg til dei som allereie er tilsette. Behovet er størst ved Haugalandmuseet, Museum Stavanger og Ryfylkemuseet.

Behovet for handverkarar bør ein sjå i samheng med faktisk vedlikehaldsansvar (Figur 115) og utgifter til vedlikehald (Figur 116).



Figur 115 – Faktisk vedlikehaldsansvar. Det vil seia kven som har ansvaret for vedlikehald og legg føringane og premissane for restaureringsarbeid på bygningane.

Her ser me at dei fleste musea har forvaltingsansvaret sjølve. Unnataket er Museum Stavanger som har avtalar med kommunen om fleire av bygningane. Dette viser seg å ikkje vera så gunstig (sjå Figur 87 og Figur 88). Det beste er at musea har forvaltingsansvaret for eigne bygningar.



Figur 116 – Utgifter til vedlikehald, det vil seia kven som dekkjer hovudutgiftene til vedlikehald og restaurering.

Sjølv om dei fleste musea har forvaltingsansvaret for bygningane, betyr ikkje dette automatisk at det er musea som skal dekkja utgiftene. Jærmuseet skreiv avtalar med kommunane i samband med konsolideringa. I desse avtalane tek Jærmuseet på seg forvaltingsansvaret mot at kommunane dekkjer utgifter til restaurering og vedlikehald. Slike avtalar er vanskelegare å få til fleire år etter at bygningane er tekne inn i samlinga og det er ein etablert praksis med at musea

sjølve dekkjer utgiftene. Det er då meir aktuelt i samband med ei eventuell innsamling av bygningar. Då bør musea få til slike avtalar om at eigaren (om dette ikkje er museet) dekkjer utgifter mot at museet tek seg av forvaltning og dagleg drift.

Haugalandmuseet sluttførte ein ny konsolideringsprosess i 2019, der regionmuseet overtok eigarskap, forvaltingsansvar og utgifter til løpande vedlikehald for alle dei kulturhistoriske bygningane. For dei fem administrasjonsbygningane (sjå Figur 15) har museet inngått langsiktige leigeavtalar der kommunane står for vedlikehaldet av eksteriøret. Denne oppryddinga i eigarskap og forvaltingsansvar gjev museet betre styring og gjer samlingsforvaltninga meir føreseieleg.

## 5.3 Kompetanse

Rett person på rett plass er eit kjent omgrep. Det gjeld for bygningsvernet på musea òg. Skal musea driva med eit truverdig bygningsvern, både når det gjeld forvaltning, forskning og formidling, må handverkarane ha rett kompetanse og forståing for arbeidet.

### 5.3.1 Kva er rett kompetanse?

Kva er egentleg rett kompetanse? Her er det truleg like mange svar som det er bygningar på musea. Siv Leden skriv om krav til kompetanse i rettleiinga *Forvaltning av museumsbygninger*:

For arbeid på bygninger med høy verneverdi, må museet forsikre seg om at involverte håndverkere har kompetanse på den aktuelle byggemetoden og at de setter seg godt inn i bygningsdokumentasjonen og prosjektbeskrivelsen. Videre må det stilles krav om at arbeidet og de funn som gjøres underveis, skal dokumenteres.



Figur 117 – Realkompetanse er også kompetanse òg! Ted Johnny Taraldsen, handverkar ved Jærmuseet, er eit døme på dette. Han er ein dugande smed, og ein ressurs for museet innan dette faget, men har ingen fagbrev som dokumenterer kunnskapen.



Kompetanse kan me her forstå like mykje som *haldning* og *forståing*. Det er viktig at handverkarane som skal arbeida med bygningssamlinga, det vera seg museet sine eigne tilsette eller innleigde handverkarar, legg til grunn dei kulturhistoriske verdiane når dei skal utføra arbeid i bygningane.

I dette ligg det òg at dei kan gjera vurderingar av kva som skal dokumenterast (før, undervegs og etter utført arbeid), kva tiltak dei kan utføra sjølve, og kva dei treng hjelp til.

### 5.3.2 Korleis skaffa seg kompetanse?

Tradisjonshandverk er handlingsboren kunnskap, og denne lærer ein best ved å arbeida saman med andre som kan faget. Gjennom vedlikehaldsarbeid og restaurering av bygningar på musea får handverkarane utvikla og utvida kunnskapen om material, verktøy og handverk. Samstundes er det viktig at handverkarane på musea også får setja opp nybygg, til dømes som rekonstruksjonar. Å byggja nytt er ein føresetnad for å *forstå*. Høibo (2011) skriv om dette:

*Ein må kjenna logikken i nybygg før ein går laus på restaurering. Slik sett er rekonstruksjon av bygningar ein viktig læreprosess, og bør vera ein del av museet sitt arbeidsfelt<sup>iii</sup>.*



Figur 118 – Eit nytt bygg i stavkonstruksjon (grindbygg) på Rossøy. Dette blei bygd av handverkarane på Ryfylkemuseet som ein del av bachelorutdanninga i tradisjonelt bygghandverk (NTNU). I forarbeidet brukte dei tid på å studera lokale bygg for å finna eit som kunne brukast som førebilete/mal for ein rekonstruksjon. Oppgåva gav handverkarane ny kunnskap om denne konstruksjonstypen.

«Ingen kan alt,  
men alle kan  
noko.»

### 5.3.3 Samarbeid er viktig

Dei fleste bygningane på musea i Rogaland er trebygningar, slik me såg i kapittel 3.2.6. Men bygningane er ikkje berre i tre: Dei har ofte grunnmur, eldstader og skorsteinar i stein, tørrmura eller mura med leire- eller kalkmørtel. Vidare kan det vera beslag i bly, dekormåla himlingar, veggene kan vera kledde med eternitt. I det heile teke kan det vera svært mange material, typar handverk og teknikkar i eit og same hus. Det er ikkje å venta at éin handverkar kan meistra alle faga.

Her er det viktig at handverkarane ved dei ulike musea søkjer samarbeid. Saman kan dei danna eit fagmiljø med brei kunnskap innan mange fag. Det nye lokale byggnettverket har dette som hovudformål. Gjennom nettverket kan handverkarane møtast til kurs og samlingar innan ulike tema og slik læra saman og av kvarandre.

## 5.4 Vaktmeisterrolla

Under den første samlinga i det lokale byggnettverket for Rogaland (sjå side 62) blei ressursbehovet eit tema. Fleire tok til orde for ei omprioritering av oppgåver og viste til at mykje av tida til handverkarane blei brukt til «vaktmeisteroppgåver» og bygging av utstillingar. Dette går så ut over bygningssamlingane ved at dei kjem på etterskott med vedlikehaldet.

Som me har sett, har musea i Rogaland for få handverkarar jamført med ressursbehovet. Er det då god ressursbruk å setja museumshandverkarane til å skifta lyspærer, sjekka brannsløkkingsapparat, klippa plenar o.a.? Kan vaktmeisteroppgåvene delegerast og/eller fordelast på andre? Truleg er svaret både ja og nei.

Mange oppgåver kan med fordel delegerast til fleire. Det er ei rekkje enkle tiltak som bør gjerast jamleg, og som kan ha stor førebyggjande effekt. Desse kan utførast av dei fleste museumstilsette. Til dømes kan formidlarane ved museet sjå om bygningane i samband med arrangement. Det vil seia reinska takrenner, fjerna vegetasjon langs vegger og ta ein enkel tilsynsrunde for å sjå etter eventuelle taklekkasjar og andre avvik.



Figur 119 – Reinsking av takrenner og torvhaldsstokkar er døme på oppgåver som ein ikkje treng å vera handverkar for å gjera. Dette er enkle tiltak som har stor førebyggjande effekt, og som forlengjer levetida på utsette bygningsdelar.

På biletet ser me ein handverkar ved Ryfylkemuseet dra handa gjennom takrenna på synfaring i samband med tilstandsvurdering. Dette tok eit par minutt og kan spare handverkarane for mange timar arbeid seinare.

Samstundes er det viktig å understreka at delegering av oppgåver òg vil føra til ekstra arbeid i opplæringa. Det er avgjerande at dei som får tildelt «vaktmeisteroppgåvene», veit *kva* dei skal gjera, og *korleis* dei skal gjera det, og – ikkje minst – *kva* dei *ikkje* skal gjera (dvs. *kva* dei skal overlata til museumshandverkarane). Musea må altså avklara oppgåver og roller:

- Kva går oppgåva ut på? Korleis utfører ein dette?
- Kven har hovudansvaret?

Får musea dette til å fungera godt, har dei oppnådd fleire ting: Fleire på museet får kjennskap til og nærkontakt med bygningssamlinga, i tillegg får museumshandverkarane bruka mest mogleg av tida si på kjerneoppgåvene: [vedlikehald, restaurering og istandsetjing av bygningssamlinga.](#)

## 5.5 Innleigde handverkarar

Bruk av innleigde handverkarar varierer frå år til år og frå museum til museum. Generelt ser det ut til at musea leiger inn hjelp først når dei har prosjektmidlar og ekstern finansiering. Det handlar mellom anna om at dei då har eit avgrensa tidsrom til å få utført arbeidet (prosjektperioden), og at handverkarane ved musea i denne perioden må prioritera dei andre bygningane i samlinga.

Ei utfordring når musea skal ut på marknaden for å henta inn arbeidskraft, er å få tak i dei rette handverkarane – dei med rett kompetanse. Dei «beste» er dessutan svært opptekne og har ikkje tid til å gjera jobben i det avgrensa tidsrommet prosjektperioden gjeld. Sysselsetjingsåret 2016 utvida lista over aktuelle handverkarar, så situasjonen i dag er noko betre enn tidlegare.

MUSEUM	INNLEIGDE HANDVERKARAR
Ryfylkemuseet	0 kr
Haugalandmuseet	0 kr
Museum Stavanger	850 000 kr
Jærmuseet	340 000 kr
Dalane Folkemuseum	0 kr
TOTALT	1 190 000 kr

Figur 120 - Bruk av innleigde handverkarar på musea i 2019.

Bruken av innleigde handverkarar har både positive og negative sider. På den positive sida er musea med på å sysselsetja og «halda liv i» dyktige tradisjonshandverkarar som er viktige for andre, slike som private eigarar av gamle hus. Ei ulempe er at musea ikkje får bygd opp kompetanse på museet ved at eigne handverkarar utfører jobben. Ei anna er at innleigd arbeidskraft fører til at museumshandverkarane må bruka mykje tid på prosjektleiing, planlegging og oppfølging.

## 5.6 Erfaringar frå 2016

Sysselsetjingsmidlane (sjå side 8) førte til eit løft for bygningsamlingane, og 2016 blei eit travelt og lærerikt år for musea. Dei hausta mange viktige erfaringar av prosjekta som blei sette i gang med desse midlane.

Ei utfordring var at det blei dårleg tid til planlegging. Musea fekk meldinga seinhaustes 2015 om at dei ville få ekstraordinære midlar. Desse skulle brukast innan utgangen av 2016, det vil seia at det var svært kort tid til forarbeid og planlegging av prosjekta. Mange opplevde dette som stressande, i tillegg kom at mykje anna arbeid måtte leggjast til side dette året. Dertil var det ei utfordring å få tak i handverkarar med rett kompetanse.



Figur 121 – Ryfylkemuseet hadde mange hender i arbeid med sysselsetjingsmidlar i 2016. Her er nokre av dei stilte opp utanføre det nymåla industriarbeidarmuseet i Sauda.



Dei ulike musea løyste sysselsetjingsoppgåva ulikt. Nokre museum laga anbodsdokument og henta inn prisar i anbodskonkurransar. Andre leigde inn handverkarar i prosjektstillingar for ein periode på eitt til to år. Musea som valde den siste løysinga, fekk truleg pengane til å vara lengst.

Uansett kva løysing musea valde, førte dette til eit kompetanseløft for mange handverkarar i regionen. For fleire av prosjekthandverkarane leia arbeidet med museumsbygningane til ei ny interesse for tradisjonshandverk, og mange fekk mykje nyttig erfaring gjennom varierte arbeidsoppgåver. I dag er desse handverkarane ressursar for musea og nokon dei kan venda seg til om dei treng hjelp i nye prosjekt. Ved Ryfylkemuseet er ein av prosjekthandverkarane frå sysselsetjingsåret nå tilsett ved museet i fast stilling.

## 5.7 Modellar for å løysa ressursbehovet

Nå har me sett at det er eit stort behov for fleire handverkarar på musea. Det er fleire måtar å løysa dette på. Nedanføre er det lista opp fire modellar som tek opp ulike måtar å møta ressursbehovet på. Det beste er truleg å kombinera fleire av desse for mest mogleg effekt.

### 5.7.1 Modell 1: Eingongsløyvingar

Modellen med eingongsløyvingar kan samanliknast med sysselsetjingsåret 2016. Dette kan vera ei god løysing for å løfta bygningar med låg tilstandsgrad opp til TG1-nivå. Ein føresetnad for å få god bruk av pengane og eit godt resultat er at det blir gjeve tid til planlegging og førebuing av prosjekta.

### 5.7.2 Modell 2: Omprioritering ved musea

Ein modell kan vera å sjå på samansetjinga av fagfolk på musea. Det er opp til leiinga ved kvart museum å prioritera mellom fag og avdelingar.

Eit grep kan vera å velja handverkarar ved nyttilsetjingar i staden for nye formidlarar. Som nemnt tidlegare er det mykje formidlingspotensial i bygningsvern og handverk. Musea kan slik framleis driva med formidling, sjølv om personalressursar blir flytta over til bygningsvern.

### 5.7.3 Modell 3: Fleire handverkarar på musea

Nye friske midlar øyremerkte handverkarstillingar ville vera ei god løysing på ressursbehovet.



Figur 122 – For å møta det store ressursbehovet må musea finna fleire løysingar og kombinera desse.

### 5.7.4 Modell 4: Styrkja Fellestjenestene

Frå og med 2020 består Fellestjenestene av tre konservatorar, ein fotoarkivar og ein bygningsantikvar.

Telemarksforsking skriv følgjande i sin rapport<sup>xv</sup>:

*For å komme i havn med vedlikehold av bygg og registreringsarbeid, mener vi at det vil være avgjørende å videreføre og utvide det arbeidet som gjøres gjennom Fellestjenestene.*

*I lys av at de regionale museumsmidlene er knappe, er det viktig at fleksibiliteten i Fellestjenestene bevares, slik at tjenesten kan fylles med den type kompetanse som det til enhver tid er mest behov for ved museene.*

Her kunne ein ha satsa på materialkompetanse og fag innan ulike typar tradisjonshandverk, slik som

- murarfaget
- overflatebehandling av bygningar (målarfaget)
- smed- og metallarbeid

I tillegg bør ein vera merksam på at konservatorane kan bidra med tenester retta mot bygningssamlinga (klimakontroll, tekniske innretningar, dekorerte og måla flater).


## 5.8 Finansiering

Eit sentralt spørsmål når musea skal dekkja eit ressursbehov, er: Kven betalar? Svaret vil avhenga av kva modell, eller kombinasjon av modellar, musea vel. Uansett er det relevant å peika på at musea i Rogaland er mellom dei musea i landet som tek imot minst i driftstilskott frå Kulturdepartementet (Figur 123).

Figur 123 – Kartet viser den fylkesvise fordelinga av Kulturdepartementet sin del av dei offentlege driftsmidlane.

Rogaland er mellom dei musea som får prosentvis minst i tilskott frå Kulturdepartementet.

(Kart: Museumsnytt<sup>1</sup>)







Tilstandsvurdering av  
Kvednahola i Suldal  
kommune ein haustdag i  
2019. Dette er eit av fleire  
vassdrivne anlegg som  
høyrer til i  
bygningssamlinga til  
Ryfylkemuseet. Det er  
særskilt bygningar langs  
vassdrag som er utsette  
med eit våtare klima.



## 6 Klima

Musea merkar i dag klimaendringane i arbeidet med bygningsamlingane. Vêrmeldinga framover seier at musea må bu seg på eit varmare, våtare og villare klima.

Kva får dette å seia for bygningsamlingane på musea i Rogaland? Korleis skal musea arbeida for å møte utfordringane klimaendringane fører med seg? Og kan klimaendringane òg gje musea nye moglegheiter?

### 6.1 Varmare, våtare, villare

Musea tek vare på den felles kulturarven vår. Vedlikehaldet av museumsbygningane er ei stor utfordring i dag, og med klimaendringane vil denne utfordringa bli endå større framover. Dette var bakgrunnen då musea gjekk saman om eit felles prosjekt der dei ville sjå på kva klimaendringane vil ha å seia for bygningsvernet på musea.

#### 6.1.1 Om prosjektet

Formålet med prosjektet var

- å kartleggja kva utfordringar klimaendringane fører med seg for bygningsvernet på musea
- å dokumentera arbeidsmetodar i møte med desse utfordringane
- å identifisera problemstillingar der det er behov for meir kunnskap

Prosjektet blei utført i perioden 2015–2016 på oppdrag for dei nasjonale museumsnettverka *Byggnettverket* og *Handverksnett* og med støtte frå Norsk kulturråd. Prosjektet blei leia av Roy Høibo frå Ryfylkemuseet.

Det blei sett saman ei referansegruppe med 17 konsoliderte museum og 3 andre institusjonar. Desse deltakarmusea bidrog med informasjon og feltarbeid. Det blei òg gjort feltarbeid hos andre museum.

Sluttrapporten for prosjektet fekk tittelen *Varmare, våtare villare. Rapport om museas møte med klimautfordringane*<sup>xvi</sup> og blei publisert i 2017.

#### 6.1.2 Problemstillingar

Høibo peika i rapporten på nokre faktorar som utfordrar bygningsvernet på musea i Noreg:



Figur 124 – *Varmare, våtare, villare. Rapport om museas møte med klimautfordringane.*

- ressursane: Musea er underfinansierte.
- prioriteringa: Bygningane er nedprioriterte.
- organiseringa: Leiinga er for langt borte. Dette gjeld særskilt store konsoliderte museum og/eller museum som er spreidde på fleire einingar over eit større geografisk område.
- kompetansen: Handverkarane reiser for lite, får ikkje tilbod om kurs og fagleg påfyll.
- museumsrolla: Kva skal me med bygningar på museum? Mange manglar ein plan for korleis forvalta, formidla og forska i bygningssamlinga.

Desse utfordringane blir forsterka i takt med at klimaet endrar seg.

Figur 125 – Stormen «Nina» herja i Ryfylke. Nesasjøhuset til Ryfylkemuseet blei piska av bølgjene. Foto: Jarle Lunde / Suldal foto.



## 6.2 Situasjonen i Rogaland

Norsk klimaservicesenter<sup>xvii</sup> har laga oppdaterte klimaprofilar for kvart fylke. Desse viser korleis klimaet vil endra seg framover. For Rogaland kan me venta oss følgjande endringar:

- **temperatur:** Årstemperaturen vil auka med om lag 3,5 °C, med størst auke for vinteren og minst for sommaren. Vekstsesongen vil auka med mellom ein og tre månader og mest i ytre kyststrok.
- **nedbør:** Årsnedbøren vil auka med om lag 10 prosent. Auken blir størst i vinterhalvåret og minst for sommaren. Episodar med mykje nedbør vil koma hyppigare og med auka intensitet.
- **overvatn:** Endringane i kraftig nedbør vil føra til større utfordringar med handtering av overvatn.
- **vassføring og flaum:** Det er venta fleire og større regnflaumar. Tiltrådd klimapåslag på flaumvassføring er minst 20 prosent for alle nedbørsfelt.


- **stormflod:** Stormflodnivået vil auka som følge av havnivåstiging. Me må rekna med 62–81 cm havnivåstiging i Rogaland (avhengig av kommune).
- **skred:** Faren for jord-, flaum- og sørpeskred vil auka med større nedbørmengder. I eit varmare og våtare klima vil me oftare få episodar der det regnar på eit underlag dekt av snø. Faren for våtsnøskred vil slik auka, medan faren for tørrsnøskred blir redusert. Auka erosjon som følge av kraftig nedbør og auka flaum i elver og bekker kan utløysa fleire kvikkleireskred. Det er ikkje venta auka fare for fjellskred eller steinskred.

### 6.2.1 Flaum, stormflod, sørpeskred, havnivåstiging

Det vil bli fleire større flaumar, oftare stormflod og sørpeskred. Dette kjem til å ramma bygningar i samlingane som står i eller ved vatn. Døme på slike bygningar er sjøhus, kvernhus og andre vassdrivne bygningar. Musea i Rogaland har til saman 50 slike bygningar (Figur 126).



BYGNINGAR SOM STÅR I/VED VATN



Figur 126 – Oversikt over bygningar på musea i Rogaland som står i eller ved vatn (skravert med blått).

Figur 127 – Mikael Klovnings sjøhus på Utsira. Haugalandsmuseet har fleire bygningar i samlinga som høyrer til kystkulturen. Dette er bygningar der ein særskilt vil merka klimaendringane.


### 6.2.2 Nedbør

Rogaland er eit fylke med mange nedbørsdagar. I framtida blir det truleg fleire og med større nedbørmengder per dag. Det vil krevja meir av både bygningane og musea som forvaltar desse. Førsteprioriteten må vera «huda» på huset – altså tak og kledning.

### 6.2.2.1 Tak

Når det regnar, er det taket vassdropane landar på. Taket er den delen av bygningen som merkar klimautfordringane mest og først.

Musea i Rogaland har ei overvekt av tegltekte tak (Figur 128). Dette kan ha å gjera med at det har vore fleire teglverk i Rogaland, og at teglpanner slik var lett tilgjengelege. Dei fleste torvtaka (84 %) finn me på bygningar som høyrer til Ryfylkemuseet.



Figur 128 – Tekkjematerial.

Høibo poengterer i klimarapporten<sup>xvi</sup> at taket er ein del av kulturarven. Han viser til at mange museum er meir opptekne av tett tak enn av «rett tak», og at dei brukar argumentet om tett tak for å byta tekkjemateriale og/eller endra på oppbygginga av taket. Men eit «rett» tak kan sjølvsagt òg vera eit tett tak. Eit godt lagt tradisjonelt tak med never og torv kan liggja svært lenge, føresett at det er brukt god never, jord eller torv som passar til formålet, i tillegg til kunnskapen om korleis ein tekkjer og vøler torvtak. Samstundes opnar Høibo for meir pragmatikk:


*Det er vanskelegare å sjå korleis ein kan argumentere for eit tak med skifer eller tegl utan tett undertak i eit klima som set større krav til taket. Papp blei dessutan tidleg tatt i bruk som undertak da denne kom som eit alternativ til flis eller kva ein elles måtte tekke med. Men kanskje er det muleg å argumentere for eit differensiert forvaltingsregime, der det framleis kan vera opning for å ta vare på takhistoria til tegltaka på bygningar der ein kan tole at det dryp litt, t.d. i uthus.<sup>xvi</sup>*



### 6.2.2.2 Kledning

Det regnar ikkje alltid nedover. Like ofte blæs det på same tida, og regnet piskar frå sida og treff kledningen først.

Størstedelen av bygningssamlinga (67 %) i Rogaland har trekledning (Figur 129). Litt over halvparten er måla, og resten er umåla, eller målinga er sliten av.



Figur 129 – Kledningsmaterial.

Både for måla trebygningar og pussa murbygningar gjeld prinsippet om diffusjonsopne sjikt. I klimarapporten skriv Høibo:

*Det har tatt tid for musea å sannkjenne at ein må tilbake til dei meir diffusjonsopne bindemidla for å få eit godt resultat. Truleg er dette enda viktigare i ein situasjon der eit fuktigare klima stiller store krav til diffusjonsopne overflater.*

Musea er i gang med å byta ut diffusjonstett, moderne overflatebehandling med dei tradisjonelle og diffusjonsopne målingstypene på fleire av bygningane i samlinga.

Haugalandmuseet har gått tilbake til å bruka komposisjonsmåling på fleire av bygningane. Mellom anna gjorde dei dette i samband med større restaureringsprosjekt i 2016. Småbruket Veien fekk ny kledning. Då museet hadde funne restar av komposisjonsmåling på dei gamle kledningsborda, blei det kokt ny komposisjonsmåling med okerpigment til den nye kledningen (Figur 130 og Figur 130).



Figur 130 og figur 131 – Haugalandmuseet kokte komposisjonsmåling og måla uthusbygningane på småbruket Veien i Nedstrand. Fargeundersøkingar som blei gjorde på den gamle kledningen, viste at det hadde vore brukt nettopp komposisjonsmåling her.

Museum Stavanger forvaltar Utstein kloster. Arkitekt Gerhard Fischers restaurering førte mellom anna til at steinveggene blei «frilagde» og all puss blei fjerna. Denne restaureringa opna slik opp veggene for inntrenging av vatn, med dei følgjeproblema dette fekk på innsida. Det gjekk nærare femti år før veggene igjen blei pussa og kalka. Dette er rett, ikkje berre historisk, då det er slik veggene har vore tidlegare, men òg med tanke på forvaltinga av eit viktig kulturhistorisk bygg. Kalkinga må gjerast kvart tredje år, om mogleg oftare i framtida som følgje av klimaendringane.



Figur 132 – Mathies Ekelund Erlandsen kalkar veggene på Utstein kloster. Foto: MUST.

Museum Stavanger har ein annan bygning i samlinga der dei går tilbake til opphavelig overflatebehandling. På villaen Breidablikk er det ikkje *mangel på* overflatebehandling som har vore problemet, heller omvendt: Mange og tjukke målingslag har gjort at veggen ikkje lenger fekk «pusta», med fukt og roteskadar som resultat.



Figur 134 og figur 135 – Målinga var tidlegare påført i tjukke lag (jf. dropane på kledningsborda). Det viste seg naudsynt å skrapa ned til dei inste laga før dei målar opp igjen veggen med linoljemåling. På biletet til høgre er den ståande kledningen skrapa ned. Her blei det i 2019 måla prøvefelt.

Fleire av desse laga er diffusjonstette, moderne plastmålingar. Nå er museet i gang med eit arbeid med å tilbakeføra fasaden til originale fargar. Det har då vore naudsynt å skrapa seg heilt inn til treverket, for så å byggja opp att målingslaga med linoljemåling i fleire tynne strok.



Figur 136 – Prøvefelt på fasaden på Breidablikk. Til venstre ser me den nye fargen (sandfarge) med brunmåla detaljar.

Dalane Folkemuseum har ein bygning i samlinga som truleg er måla med lyse (tranmåling). Planen er å måla veggen opp att med lyse og i den samanhengen skaffa seg meir informasjon om bruk av denne målingstypen i Rogaland.

Musea i Rogaland forvaltar slik bygningar med ulike overflatebehandlingar. Gjennom å føra tilbake bygningane til opphavelige overflater tek musea òg ansvaret for å forvalta handverket som høyrer til, altså både den materielle og



Figur 133 – Fargeundersøkingar av fasaden er utførte av målerikonservatorar ved Arkeologisk museum i Stavanger. Rapporten er frå 2019.

den immaterielle sida av bygningsvernet. Tilbakeføring til tradisjonelle overflatebehandingar kan òg visa seg å vera naudsynt i førebuinga mot eit endra klima. Samstundes må musea bu seg på eit hyppigare vedlikehald enn i dag.

### 6.2.3 Temperatur

I tillegg til at vêret blir stadig fuktigare, skal også temperaturane opp – ein kombinasjon som gir auka biologisk vekst. Dette fører så til sopp- og skadedyrangrep, med roteskadar i treverk og nedbryting av murverk som følgjer.

Vidare bør musea skaffa seg kunnskap om aktuelle skadedyr og soppartar, både dei som me har i dag, og dei som me kan rekna med å møta i framtida som følgje av auke i temperaturane.

## 6.3 Musea som kunnskapsbank

Klimarapportar er ikkje oppløftande lesing, og det er fort gjort å mista motet. Det er då viktig å minna om at musea er ikkje berre offer for klimaendringane. Musea kan spela ei viktig rolle i å finna løysingar og tiltak som kan koma resten av samfunnet til gode.


Roy Høibo<sup>xvi</sup> meiner musea kan vera førebilete og pådrivarar i kampen mot den globale oppvarminga,

Han peikar vidare på at formålet med å ta vare på bygningar på museum er ikkje berre å visa korleis husa såg ut før, og korleis dei blei brukte, men òg å formidla og ta vare på kunnskapen om korleis dei blei bygde. Vidare:

*Derifrå er det nærliggande å gjera seg sjølv relevant gjennom å vise kva denne kunnskapen kan ha å seia for ein meir berekraftig produksjon, bruk og vedlikehald av bygningar.<sup>xvi</sup>*

Museumsnytt nr. 4/2019 er inne på dette og set eit aktuelt spørsmål på framsida: «Korleis kan musea redde verda?». Spørsmålet handlar om kva rolle musea har, stilte ovanføre klimautfordringane. Ole Jakob Furset i Kulturrådet peikar på at musea er ein viktig ressurs:

*Musea sit på veldig mykje kunnskap som kan bli viktige i eit grønt skifte. Denne kunnskapen synast eg musea bør ta aktivt i bruk i samfunnsdebatten, både gjennom utstillingar og anna utoverretta arbeid. Eg meiner at dette er ein viktig del av samfunnsrolla deira.*



Figur 137 – Museumsnytt nr. 4/2019 hadde klima som tema og spurde: «Korleis kan musea redde verda?»



Kunnskapen som Furset peikar på, og som kan bli viktig i eit grønt skifte, inkluderer i høg grad òg korleis ein byggjer og forvaltar. Om lag 40 prosent av klimagassutsleppa globalt kjem frå byggsektoren<sup>xviiiix</sup>. I framtida må samfunnet innstilla seg på forvalta det me har, og byggja om heller enn å byggja nytt. Her har musea, med erfaringa si gjennom forvaltning av museumsbygningane sine, mykje å bidra med. Samstundes er det mykje me ikkje veit. Det ligg mykje *potensiell kunnskap* i bygningssamlinga som me kan henta ut om me set av tid og ressursar til forskning. Her bør me særskilt leggja til rette for handverksbasert og praktisk forskning.

Rolla til musea kan altså handla om

- **bevisstgjerung:** peika på klimaansvaret me alle har
- **å foreslå løysingar:** formidla erfaringsbasert kunnskap om løysingar som kan tena miljøet i eit framtidsperspektiv
- **forskning:** prioritera forskingsprosjekt i bygningssamlinga

«Musea forvaltar kunnskap, eller i alle fall potensiell kunnskap, om bygningar og byggeprosessar som kan få ny aktualitet i leitinga etter klimavennlege løysingar, både i ein bygge-, bruks- og vedlikehaldsfase.»

Høibo (2017)

### 6.3.1 Korleis kan musea gjera dette?

Korleis kan musea utøva denne rolla? Korleis kan dei bevisstgjera, koma med løysingar og forska?

Ein måte å gjera det på kan vera gjennom det tradisjonelle formidlingsmediet: utstillingane. Direktør ved Ryfylkemuseet, Anna Ehrhardt, blei intervjuet av *Museumsnytt*<sup>xix</sup> og fortalde då at museet planlegg ei ny basisutstilling som vil leggja vekt på gamle teknikkar og kopla dette til ny teknologi og aktuelle spørsmål:

*Gjennom å sjå på tradisjonelle versus moderne måtar å byggje hus på, kan me tematisere fleire sider ved berekraft. Det kan handle om gjenbruk i motsetnad til bruk og kast. Linoljemaling i motsetnad til moderne «plastmaling», talet på miljøgifter ein omgir seg med i moderne heimar i motsetnad til i tradisjonelle bygningsmiljø.*

Formidling og overføring av kunnskap kan òg skje gjennom kurs, foredrag, artiklar, debattinnlegg og sosiale media.

Når det gjeld forskning, bør ho vera erfaringsbasert. Her kan musea leggja vekt på:

- **overvaking:** undersøking av skadar, måling av fukt, temperatur o.a. Periodisk tilsyn og dokumentasjon av tilstand vil òg vera viktige. Dette kan danna grunnlaget for forskinga.
- **handverksforskning:** Her handlar det særskilt om å henta ut den potensielle kunnskapen som ligg i bygningane. Handverksforskninga kan byggja på metoden som er utvikla gjennom Hårf-prosjektet<sup>xx</sup>.

Rogaland er eit interessant fylke å sjå på om ein vil læra meir om klimaendringane. Her er det mange klimasoner og landskapstypar som ein kan studera: klima langs kysten (Jæren, Dalane, Stavanger, Haugalandet, Ryfylke), i fjordane (Haugalandet, Ryfylke) og til fjells (Dalane, Ryfylke). Musea i Rogaland har bygningar spreidde over heile fylket og i alle landskapstypane. Erfaringar frå Rogaland kan truleg ha overføringsverdi til andre stader i landet.

## 6.4 Framtidig ressursbehov

Korleis skal me gå i møte ei framtid med eit varmare, våtare og villare klima?

Ein av konklusjonane frå klimaprojektet i 2016 er at dei gamle metodane har vist seg å fungera best. I staden for å stadig vera på leit etter nye såkalla vedlikehaldsfrie material og nye metodar og teknikkar, bør me sjå tilbake til korleis husa blei bygde. Dette er den beste oppskrifta me kan følgja når me skal ta vare på desse bygningane.

### 6.4.1 Hyppigare vedlikehald

Miljødirektoratet skriv på sine nettsider *klimatilpassing.no*<sup>xxi</sup>:

*Et fremtidig klima med mer nedbør vil øke behovet for vedlikehold av bygninger.*

*Dette kan møtes ved å velge mer robuste løsninger for nybygg eller øke hyppigheten av periodisk vedlikehold.*

Klimatilpassinga vil då handla om at musea må ha hyppigare tilsyn og vedlikehaldsrundar. Dette vil igjen krevja fleire handverkarar på musea. Nå har bygningsvernundersøkinga vist at musea i Rogaland treng til saman 135,8 årsverk for å løfta bygningane i tilstandsgrad 2 og 3 opp på TG1-nivå. Skal musea greia å halda bygningane på dette nivået i åra som kjem, bør det vera minst 18,5 faste handverkarstillingar til saman for alle musea i Rogaland (Figur 114). Dette er vurdert ut ifrå dagens situasjon. Skal musea halda seg på TG1-nivå i møte med eit stadig varmare og våtare klima, vil det truleg krevja ytterlegare fleire handverkarstillingar ved musea. Det er venta ein prosentvis auke av nedbørsmengd og temperatur, og ressursbehovet vil venteleg veksa i den same takta.



Figur 138 – Fyrbygningar er truleg dei bygningane som blir utsette for størst påkjenningar av vêr og vind. Her er fyrbygningen på Tonjer. Sjølv kort tid etter at bygningen er måla, kjem rustflekkene fram. Den salte og fuktige lufta gjer vedlikehaldet til ei stor utfordring.

## 6.4.2 Redningsarbeid

I tillegg til hyppigare vedlikehaldsrundar må musea òg førebu seg på korleis dei skal møte ekstremvêrsituasjonane. Det vil seia når det oppstår flaum, stormar o.a. Her vil det vera behov for arbeid i forkant, medan uvêret står på, og etterpå.

Det jamne vedlikehaldet er lettast å planleggja for, sjølv om musea her òg må ta omsyn til vêrforholda. Til dømes kan ein ikkje måla i regnvêr. Likevel er det truleg ekstremvêrsituasjonane som musea vil streva mest med i framtida. Desse kan dei vanskeleg planleggja for, og dei krev mykje ressursar i etterkant. Flaumar og stormar kan gjera store skadar, som igjen betyr omfattande reparasjonsarbeid. Ressursane som går med til dette, går så ut over det jamne vedlikehaldet på dei andre bygningane.

Ein måte å løysa dette på kunne vera å oppretta ei form for kriseteam. Her kan me tenkja oss to typar team:

- **lokalt team:** består av tilsette ved det aktuelle museet. Her bør det vera med både handverkarar og tilsette frå andre avdelingar. Teamet gjer førebyggjande arbeid i forkant av varsla uvêr og følgjer opp tett medan uvêret står på.
- **ambulerande team:** består av personar med aktuell kompetanse, t.d. handverkarar og konservatorar. Teamet hjelper til i oppryddingsarbeid, sikring og reparasjonar etter uvêrshendingar.

Det er det lokale teamet som til kvar tid vil vera nærast bygningen, og som kan rykkja ut på kort varsel. Det ambulerande teamet vil først og fremst vera til hjelp i etterarbeidet, då det ofte er slik at ekstremvêrsituasjonar rammar heile fylket samstundes.







## 7 Prioritering

Musea gjer dagleg prioriteringar i arbeidet med samlingane. Eit mål bør vera at prioriteringane byggjer på eit godt grunnlag. Det vil seia at musea bør ha oppdatert kunnskap om samlingane og ei forståing av dei kulturhistoriske verdiane til samlingane når dei gjer prioriteringar. Fleire av musea i Rogaland har gjort, eller er i gang med, å skaffa seg ei oversikt for prioritering i bygningssamlinga.

### 7.1 Prioritering i bygningssamlinga

God forvaltning og formidling av bygningssamlinga er gjerne eit spørsmål om ressursar og prioriteringar. Det handlar om å finna ein god balanse mellom istandsetjing, vedlikehald og formidling og å prioritera oppgåvene i tråd med dette. Sentrale spørsmål blir då:

- Korleis kan musea kombinera bygningsvern og formidling?
- Korleis prioritera ressursar og kompetanse til denne utfordringa?
- Kva val bør musea leggja til grunn når dei prioriterer?

Kulturrådet publiserte ei rettleiing for korleis musea kan gå fram i arbeidet med prioritering i bygningssamlinga (Figur 139).

Kulturrådet skriv på sine nettsider<sup>xxii</sup>:

*Museene foretar hele tiden prioriteringer, både direkte og indirekte. Samtidig ser vi at behovet for et bedre grunnlag for prioriteringer er helt nødvendig. Den foreliggende metoden for prioritering i bygningssamlinger bygger på en samlet vurdering av ressurser, kulturhistorisk verdi og relevans for museet og publikum.*

Arbeidet med prioritering er ei nyttig øving som kan skaffa ny oversikt og innsikt i bygningssamlinga. I Rogaland er det berre eitt museum som har gjennomført dette arbeidet, medan eit par museum er i gang.

#### 7.1.1 Ryfylkemuseet

Ryfylkemuseet såg i 2013 behovet for å gå grundig gjennom bygningsmassen for å få eit betre grunnlag for prioritering av vedlikehald, reparasjon og restaurering. Same året tok Kulturrådet opp problemstillinga og trekte då Ryfylkemuseet inn i arbeidet med ein metode for prioritering i bygningssamlingar.



Figur 139 – Prioritering i bygningssamlinger. Rettleiing som Kulturrådet gav ut i 2014.

Bilete til venstre: Dei to husa ved Helleren er mellom dei høgt prioriterte anlegga til Dalane Folkemuseum. Husa har høge kulturhistoriske verdiar, er relevante for museet. I tillegg treng dei hyppig tilsyn og førebyggjande tiltak som følgje av høge besøkstal og slitasjen som følgjer med.



Figur 140 – Ryfylkemuseet gjennomførte prioritering i bygningssamlinga i 2016.

Etter at Kulturrådet hadde publisert rettleiinga *Prioritering i bygningssamlingar*<sup>xxiii</sup>, ønskte Ryfylkemuseet å testa ut metoden på egne bygningar. Det blei søkt om støtte til dette arbeidet, og museet fekk i 2015 eit tilskott på 600 000 kroner frå Kulturrådet. Arbeidet starta i slutten av august same året og blei avslutta i 2016 med rapporten *Prioritering i bygningssamlinga. Forvaltning, forskning og formidling* (Figur 140).

### 7.1.2 Haugalandmuseet

I 2016 fekk musea sysselsetjingsmidlar (sjå side 8). Haugalandmuseet tilsette då ein prosjektmedarbeidar til å gjera forarbeidet til ei prioritering i bygningssamlinga. Det blei så samla saman historisk dokumentasjon om bygningane (branntakstar, eldre foto og kart, dokument) og registrert relevante opplysningar (koordinatar, vern, eigar, bruk, restaureringshistorikk).

Museet rakk over mange bygningar i løpet av året, men ikkje alle. Registreringsarbeidet bør fullførast for å kunne gjera kulturhistorisk vurdering av alle bygningane.

Haugalandmuseet er altså godt i gang med arbeidet med prioritering i bygningssamlinga.

### 7.1.3 Museum Stavanger

I 2013 laga Museum Stavanger *Strategiplan for utvikling av bygg og anlegg 2014 – 2025*, der bygningane blei prioritert ut frå tilstand. På dette tidspunktet var ikkje rettleiaren *Prioritering i bygningssamlingar*<sup>xxiii</sup> ferdig utarbeidd, og museet kunne difor ikkje nytta denne metoden i arbeidet med strategiplanen. Museet har mykje av dokumentasjonen på plass for å kunne gjera ei kulturhistorisk vurdering av samlinga.

I 2016 tilsette Museum Stavanger ein bygningsantikvar med m.a. spesialfelt innan mur. I samband med omorganisering ved museet i 2019 blei det etablert ein avdeling for bygg- og samlingsforvaltning med verknad frå 2020 for å ytterlegare fokusera på bygningsvern. Avdelinga blir leia av ein erfaren arkitekt med spesialisering innan restaurering av antikvariske bygningar. Arbeidet med prioritering i bygningssamlinga etter Kulturrådet sin metode vil ta til i 2020.

### 7.1.4 Jærmuseet

Jærmuseet har ikkje starta på arbeidet med prioritering i bygningssamlinga, men museet har mykje av dokumentasjonen på plass for å kunne gjera ei kulturhistorisk vurdering av samlinga.

At Jærmuseet ikkje har sett i gang arbeidet med prioritering av samlingane, har å gjera med at størstedelen av bygningane ikkje er eigde av Jærmuseet. Det kan senda uheldige signal til dei sju «eigarkommunane» om nokre av dei



kulturhistoriske bygningane deira kjem nedst på ei prioriteringsliste. Det er elles slik at kommunane betalar Jærmuseet for å halda dei ved like (Figur 116).

Prioritering i bygningsamlinga er slik sett enklare å gjennomføra om musea sjølve eig og forvaltar bygningsamlinga. For museum som har andre eigarmodellar, slik som Jærmuseet, vil ei slik prioritering vera mest aktuell dersom ho blir avgrensa til intern bruk på museet.

### 7.1.5 Dalane Folkemuseum

Dalane Folkemuseum gjorde i 2019, i samband med bygningsvernundersøkinga, ei forenkla prioritering i bygningsamlinga. Det vil seia, ei breitt samansett gruppe frå museet, saman med bygningsantikvaren for regionmusea, gjekk gjennom bygningsamlinga og vurderte relevans og kulturhistorisk verdi for kvar bygning. Dette blei så stilt saman i eit Excel-ark med kolonnar for relevans, kulturhistorisk verdi og tilstand (ressursbehov). Reknearket summerer automatisk og set opp ei prioritert rekkjefølgje av bygningane. Dette er først og fremst tenkt som eit hjelpemiddel for handverkarane, då dei slik enkelt får oversikt over kva bygningar som det hastar mest å ta tak i. Bygningane med høgast kulturhistorisk verdi og relevans og som er i dårleg stand, kjem høgast opp (markert raude).

Figur 141 – Dalane Folkemuseum sitt Excel-ark med prioritert oversikt over bygningsamlinga. Raudt er høgaste prioritet, blått er lågast.


## 7.2 Tilrettelegging og bruk

Kva vil ressursbehovet vera etter eit eventuell avhending?

I bygningsvernundersøkinga blei musea bedne om å registrera korleis museet brukar bygningen, delt inn i desse kategoriane:

- miljøutstilling
- anna formidling
- administrasjon
- lager
- magasin
- ikkje i bruk
- leigd ut til ekstern aktør
- anna, beskriv i kommentarfeltet til slutt

Det er då kanskje like interessant og relevant å sjå på kva bygningar som er tilrettelagde for bruk/og eller er opne for publikum (Figur 142). Her er det som hovudregel ikkje teke omsyn til tilstand, med visse unntak. Det gjeld mellom anna bygningar som har vore i dårleg stand over lang tid, og der bygningen er stengd for publikum av sikringsomsyn.



Figur 142 – Tilrettelegging og bruk.

Som me ser, er ein stor del av bygningane på musea i Rogaland tilgjengelege for publikum. Det betyr sjølvsagt ikkje at dørene står opne året rundt, men snarare at det er mogleg for musea å opne opp for publikum.

Døme på bygningar som ikkje er tilrettelagde for bruk og/eller opne for publikum:

- bygningar som blir brukte som mellombelse lager/magasin
- bygningar som har vore i dårleg stand over lengre tid
- bygningar som manglar vesentleg innreiing og tilrettelegging slik at funksjonen bygningen har, blir vanskeleg å formidla/forstå
- bygningar der museet ikkje har ein plan for formidling

Figur 143 – Forpaktarbustaden på Slettebø er ein av bygningane til Dalane Folkemuseum som per i dag ikkje er i bruk. Her er det planar om formidling og bruk, men det manglar førebels ressursar til å få realisert planane.



Samstundes er det viktig å understreka at ikkje alle bygningar kan eller bør brukast. Det gjer dei ikkje til mindre viktige bygningar i samlinga, snarare tvert



om. Dette kan til dømes vera bygningar som er særskilt sårbare, og som kan ha svært høg kjeldeverdi.

Andre bygningar kan vera lite eigna for bruk av andre årsaker, slik som at dei ligg vanskeleg til.

Bygningar kan ha ein funksjon og «bruk» gjennom at dei blir haldne ved like, og ved at dei kan opplevast av publikum frå utsida.

### 7.3 Avhending

Ein gjennomgang av bygningssamlinga kan avdekkja om museet eig eller har ansvar for bygningar som ikkje lenger er relevante for museet. I rettleiinga<sup>xxiii</sup> for prioritering er det lista opp spørsmål som museet bør stilla seg når det går gjennom samlinga:

*Hvilke mål har museet, og hvordan svarer bygningsmassen til museets ønsker og behov? Er det noe som savnes i samlingen? Er det noe som kan avhendes?*


Det kan vera freistande for musea å kvitta seg med bygningar som er i dårleg stand, krev hyppig tilsyn, er vanskeleg tilgjengelege for formidling, eller bygningar det finst lite/ingen informasjon om. Kanskje er det òg naudsynt å avhenda bygningar? Telemarksforskning skriv i sin rapport<sup>xv</sup> der dei evaluerer museumsreforma i Rogaland, følgjande om prioritering:

*Museene vil måtte lage planer for avhending. [...] Det vil også bli nødvendig å prioritere samlingene – alle kan ikke ha alt. Alt er ikke like viktig alle steder.*

I Ryfylkemuseet si *Prioritering i bygningssamlinga* blei det peika ut sju aktuelle bygningar «som med fordel kan avhendast»: stølsbua i Slettedalen, kvernhuset og tørka på Øystad, treskjeverkhuset, hjulhuset, stølsbua og Røsslistova på Kolbeinstveit. Den sistnemnde bygningen er interessant i denne samanhengen. Prioriteringsrapporten var klar i 2016, og året etter gjekk handverkarane ved museet i gang med ei studentoppgåve i tømring der dei brukte nettopp Røsslistova som førebilete (sjå også side 60 og 68). Forskingsarbeidet dei la ned i denne oppgåva, avdekte nye sider ved Røsslistova som gjer at ho i dag har myke høgare kulturhistorisk verdi for museet enn då ho blei vurdert i 2015/2016.

Dette er eit døme på at det må gjerast eit grundig dokumentasjonsarbeid før musea kan setja i gang avhendingsprosessen.

Figur 144 – Arbeidet med rekonstruksjon/kopi av Røsslistova blei grundig dokumentert i tekst, film og foto. Det gjer at Røsslistova får større formidlingsverdi enn tidlegare og større verdi som studieobjekt for vidare forskning.



Før musea går i gang med ein avhendingsprosess, bør dei òg gjera ei samla vurdering av kvart enkeltobjekt opp mot resten av bygningssamlinga i Rogaland.

## 7.4 Oversikt og innsamling

Metoden *Prioritering i bygningssamlinger* legg opp til ein stegvis framgangsmåte. Steg to handlar om å skaffa seg oversikt. Det handlar då både om å sjå på historikk og kontekst: Kva bygningar har museet, korleis er dei blitt ein del av samlinga, og kvifor? Vidare kan musea sjå på tema: I kva grad samsvarar samlinga med planane og strategiane til museet, og i kva grad speglar ho formålet museet har? I oversikta bør musea òg vurdere si eiga samling opp mot andre samlingar: Er det noko ved samlinga som er unikt?



Figur 145 – Regionmusea Dalane Folkemuseum, Haugalandmuseet, Jærmuseet, Museum Stavanger og Ryfylkemuseet i tillegg til Norsk Oljemuseum gjekk saman om å laga ein felles dokumentasjons- og innsamlingsplan. Planen gjeld for perioden 2017–2021.

### 7.4.1 Felles plan for Rogaland

Før musea går i gang med ein avhendingsprosess eller med innsamling, bør dei gjera ei samla vurdering av kvart enkeltobjekt opp mot resten av bygningssamlinga i Rogaland.

Det er laga ein innsamlingsplan for musea i Rogaland<sup>xiv</sup>. Målet med denne var å

*koordinere samlinger og ansvarsområder, og belyse de viktigste temaene i vår tid for våre museer*

Planen er eit forsøk på å kartleggja samlingane ved alle musea etter temaa og typen samling (gjenstand, fartøy, kunst, foto, bygning). Planen blei avgrensa noko, og bygningane fekk liten plass. Det er slik sett behov for å utvida planen til òg å gjelda bygningane. Eventuelt bør det utarbeidast eigen plan for bygningssamlingane.

## 7.4.2 Innsamling

Som me har sett i historikken til kvart museum og i statistikken over inntaksår, tek musea i Rogaland stadig inn nye bygningar i samlinga. Mellom desse finn me både nye bygningar, oppførte som rekonstruksjonar, og eldre kulturhistoriske bygningar.

Skal musea fortsetja å ta inn nye bygningar i samlingane? Kva får dette å seia for resten av bygningssamlinga? Må nokon ut for at andre skal inn? Korleis skal dei prioritera? Dette er spørsmål ei prioritering i bygningssamlinga kan gje svar på, saman med ein revidert innsamlingsplan for Rogaland der bygningar òg er med.



Figur 146 og figur 147 – Eit av dei siste tilskotta til samlinga til Dalane Folkemuseum er bygningar som har tilhøyrt institusjonen Bakkebø. Bakkebø blei i 1947 oppretta som sentralinstitusjon for psykisk utviklingshemja.

Museet har vore oppteke av dokumentasjon av Bakkebøinstitusjonen gjennom mange år og har i dag eit rikt dokumentasjonsmateriale med bygningar, foto og gjenstandar.

I november 2018 lanserte museet eiga nettside om Bakkebø der ein kan få eit innblikk i institusjonen og dei som budde og arbeidde der.







## 8 Oppsummering

Bygningsvernundersøkinga har gjeve eit løft for arbeidet med bygningsssamlingane på musea i Rogaland. Musea har fått oppdatert informasjon om – og oversikt over – samlinga. Bygningane er registrerte i Primus og lagde ut på DigitaltMuseum. Ikkje minst har musea fått oppdaterte tilstandsvurderingar av alle bygningane.

Det har vore få overraskingar på synfaringane. Musea kjenner godt bygningane sine og veit til kvar tid korleis det står til, og kvar behovet er størst. Det som har vore meir interessant med bygningsvernundersøkinga, har difor vore å setja dette i samanheng: Det vil seia å sjå på samlinga ved kvart museum for seg og så samanlikna denne med samlingane dei andre musea har. Dette har vore mogleg og naturleg å gjera, då musea i Rogaland har samarbeidd og følgd same metoden i arbeidet med undersøkinga.

Tilstandsvurderingane har vist at alle dei fem regionmusea i Rogaland har eit stort ressursbehov. Kulturrådet ber musea om å estimera kostnaden for å setja i stand bygningar i TG3 eller TG2 slik at dei kjem opp på TG1-nivå. [I Rogaland treng musea 150 stillingar for å gjera naudsynte tiltak på bygningane i samlingane.](#)

Museum	Ryfylke-museet	Haugaland-museet	Museum Stavanger	Jær-museet	Dalane Folkemuseum
Handverkarstillingar	16,5	17,9	86,4	13,2	6,8

Figur 148 - Oversikta viser kor mange stillingar musea treng for å løfta bygningar i tilstandsgrad 2 og 3 opp til tilstandsgrad 1.

I tillegg kjem om lag sju årsverk til bygningar i tilstandsgrad 1. Dette talet fortel noko om ressursbehovet for å halda bygningane på eit vedlikehaldsnivå. Jamt og rett vedlikehald er det beste vernet. Det er både mest økonomisk og det som tek best vare på bygningane i eit langsiktig perspektiv. Det bør slik sett vera eit mål for musea å halda bygningane i tilstandsgrad 1, men dette krev ressursar.

Overslaget er at dei fem musea i Rogaland til saman treng 18,5 handverkarstillingar, mot dei ti stillingane som finst i dag. [Det vil seia at musea treng meir enn åtte nye stillingar for rekke over vedlikehaldsoppgåvene i bygningsssamlingane.](#)

I desse vurderingane er det teke utgangspunkt i 2019-situasjon og slik stoda er i dag. Nå veit me at klimaendringane vil føra til større utfordringar for musea. Ein må bu seg på eit varmare, våtare og villare klima. Svaret på korleis møta dette er mellom anna hyppigare vedlikehald. Handverkarane vil få det travelt på vedlikehaldsrundane, og det er usikkert om det vil halda med dei estimerte 18,5 handverkarstillingane i framtida. Truleg vil behovet for handverkarar berre auka i takt med nedbørsmengden og temperaturane.

Bilete til venstre: Løa på garden Veien (Nedstrand) er ein av fleire bygningar Haugalandmuseet fekk restaurert med hjelp av sysselsetjingsmidlar i 2016. Mellom anna blei taket tekka på nytt, men med dei gamle villhedlene. Tekkinga blei gjort på tradisjonelt vis med boring av hol med navar, før steinen blei festa med trenaglar av godt virke. For å spara ryggar – og for å sikra HMS – tok museet i bruk moderne hjelpemiddel til å løfta den tunge skifersteinen opp på taket.

Endringane i klima påverkar bygningssamlingane negativt, men kan òg føra noko positivt med seg. Musea bør ta plass og bruka stemma i klimadiskusjonane, og kan mellom anna bidra med løysingar og kunnskap frå arbeidet med bygningssamlingane. I klimarapporten *Varmare, våtare, villare*<sup>xvi</sup> frå 2017 skriv Høibo slik: «Musea kan spele ei viktig rolle i bevisstgjeringa om det klimaansvaret vi har, og som mange ønskjer å ta inn over seg, og i formidlinga av kunnskap om løysingar som tener miljøet i eit framtidsperspektiv».

Når musea forvaltar bygningssamlingane på musea, er det ikkje berre bygningstypar, funksjonar, stilhistorie og lokalhistorie dei tek vare på. Dei forvaltar òg kunnskap om korleis ein bygde desse husa. Når musea held ved like og driv med førebyggjande konservering, tek dei vare på potensialet av kunnskap. Gjennom praktisk bygningsvern, større istandsetjingsprosjekt og – ikkje minst – rekonstruksjonar og nybygg kan musea forska på og oppdaga kunnskapen som ligg i bygningane, på ny.

Kunnskapen som musea forvaltar om bygningane, og korleis dei byggjer og driv vedlikehald, er kunnskap som kan koma samfunnet elles til gode.

Byggjebansjen står for store klimautslepp, og løysingane for å redusera utsleppa kan me finna i å halda ved like, bruka om og byggja klimavenlege og sunne hus med lokale og kortreiste material. Her har musea ei oppgåve i å formidla kunnskap til bransjen og til offentlege og private huseigarar.



Figur 149 – Museumshandverkarane ved MUST, Michael Heng og Mathies Ekelund Erlandsen, står her på stand for å demonstrera mellom anna restaurering av vindaug. Foto: MUST.

I den førre museumsmeldinga *Framtidas museum*<sup>x</sup> blei den immaterielle kulturarven peika på som eit fokusområde som kunne vera med på å styrkja samfunnsrolla til musea. I arbeidet med å ta vare på bygningssamlingane på musea er dei med på å halda liv i den handlingsborne kunnskapen om tradisjonshandverk. Dette blir òg formidla og forska på. Me kan slik seia at i arbeidet med bygningssamlingane kjem alle dei fire f-ane frå museumsmeldinga i bruk. I brevet frå Kulturdepartementet til musea skriv departementet at bygningsvern er «ett av flere viktige temaer som vil måtte drøftes i meldingen». Vonleg vil merksemda på samfunnsrolla med ansvar for både immateriell og materiell kulturarv framleis halda fram.

Dersom musea skal kunne ta dette ansvaret, må ressursane aukast: Me treng fleire handverkarar på musea. Her er det fleire løysingar som kan vera aktuelle for å få til dette. Ei løysing kan vera at musea tek grep, til dømes ved at dei prioriterer handverkarstillingar ved nyttilsetjingar. Ei anna løysing er å styrkja Fellestjenestene med fleire stillingar innan bygningsvern. Elles kan eingongsløyvingar, slik som i 2016, gje eit løft til for bygningane som er i dårlegast stand.

Bygningsvernundersøkinga har avdekt tilstanden til bygningane på musea og ressursbehovet som følgjer av dette. Det er høge kostnader som må dekkjast, men effekten og nytten i andre enden er vel så høg. Ved å prioritera tiltak og auka ressursar til arbeid med bygningssamlingane tek me ikkje berre vare på viktig materiell kulturarv, men òg immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap. Dette er kunnskap som har stor verdi og relevans for oss i dag og, ikkje minst, i framtida.

**Kven skal ta vare på den immaterielle kulturarven om ikkje musea gjer det?**

## 9 Kjelder

I tillegg til skriftlege kjelder er rapporten basert på opplysningar og innspel frå tilsette ved Dalane Folkemuseum, Haugalandmuseet, Jærmuseet, Museum Stavanger og Ryfylkemuseet.

### Sluttnotar / referansar

- <sup>i</sup> St.meld. nr. 49 (2008–2009) *Framtidas museum – Forvaltning, forskning, formidling, fornying*, Kultur- og kyrkjedepartementet.
- <sup>ii</sup> Fellestjenestene (11. desember 2019). *Fellestjenestene for musea i Rogaland* [Internett], Fellestjenestene. Tilgjengelig frå: [www.fellestjenestene.no](http://www.fellestjenestene.no)
- <sup>iii</sup> Høibo, R. (2011) *Bygningsvern på musea. Ei utgreiing om forvaltning av kulturhistoriske bygningar på musea i Rogaland*, Ryfylkemuseet/Byggnettverket, på oppdrag frå Kulturdepartementet.
- <sup>iv</sup> Leden, S. (2017) *Forvaltning av museumsbygningar*, Kulturrådet.
- <sup>v</sup> Temakart Rogaland (11. desember 2019). *Temakart* [Internett], Temakart Rogaland. Tilgjengelig frå: <https://www.temakart-rogaland.no/>
- <sup>vi</sup> Norsk Standard: NS-EN 16096 (2012) *Tilstandsanalyse av fredete og verneverdige byggverk*, Norsk Standard.
- <sup>vii</sup> Kulturrådet (2019) *Gradering av tilstand på en bygning*, Kulturrådet.
- <sup>viii</sup> Kulturrådet (2019) *Veiledning til spørsmålene i undersøkelsen*, Kulturrådet.
- <sup>ix</sup> Bing, M. (2010) En tidsmaskin av mur. *By og bygd* 42. Norsk Folkemuseum, s. 11–31.
- <sup>x</sup> St.meld. nr. 49 (2008–2009) *Framtidas museum – Forvaltning, forskning, formidling, fornying*, Kultur- og kyrkjedepartementet.
- <sup>xi</sup> Hoftun, S., Haraldseid, K. G. (2019) *Endepløying på liggande kledning – Ei undersøking av moglege produksjonsmåtar*. Bacheloroppgåve NTNU.
- <sup>xii</sup> Tradisjonelt bygghandverk (12. januar 2017). «Røsslinova», tankar og erfaringar i etterkant [Internett], Blogg for studentar ved tradisjonelt bygghandverk, NTNU. Tilgjengelig frå: <https://tradisjonshandverk.com/category/laeringsarena/ryfylkemuseet/ryfylketomring/>
- <sup>xiii</sup> Museet for Haugesund og bygdene (1983) *Årbok for Karmsund. Årshefte 1977–1983*, Haugesund Bok & Offset A/S.



- 
- <sup>xiv</sup> Dalane Folkemuseum (4. november 2011). *Bevaring av husene i Hellenen i Jøssingfjord* [Internett], Dalane Folkemuseum. Tilgjengelig frå: <https://www.dalanefolkemuseum.no/2011/11/bevaring-av-husene-i-hellenen-i-jossingfjord/>
- <sup>xv</sup> Haugsevje, Å., Løkka, N. og Kleppe, B. (2016) *Til lands og til vanns og på sokkelen med. Evaluering av museumsreformen i Rogaland*, Telemarksforskning.
- <sup>xvi</sup> Høibo, R. (2017) *Varmare, våtare villare. Rapport om museas møte med klimautfordringane*, Ryfylkemuseet / Byggnettverket og Håndverksnett.
- <sup>xvii</sup> Norsk klimaservicesenter (juli 2017). *Klimaprofil for Rogaland* [Internett], Norsk klimaservicesenter. Tilgjengelig frå: <https://klimaservicesenter.no/faces/desktop/article.xhtml?uri=klimaservicesenter%2Fklimaprofiler%2Fklimaprofil-rogaland> [Lest 11. desember 2019].
- <sup>xviii</sup> Energi og Klima (november 2011). *Bygninger må bli mer energieffektive* [Internett], Norsk klimastiftelse. Tilgjengelig frå: <https://klimaservicesenter.no/faces/desktop/article.xhtml?uri=klimaservicesenter%2Fklimaprofiler%2Fklimaprofil-rogaland> [Lest 11. desember 2019].
- <sup>xix</sup> Norendal, S. (2019) Korleis kan musea redde verda, *Museumsnytt* nr. 4/2019, s. 10–20.
- <sup>xx</sup> Museumsnettverksprosjekt for Håndverksforskning (11. desember 2019). *HårF, blogg* [Internett], Museumsnettverket for Bygningsvern og tradisjonshåndverk. Tilgjengelig frå: <https://haarf.blog/>
- <sup>xxi</sup> Klimatilpasning (april 2017) *Klimatilpasning. Bygning* [Internett] Miljødirektoratet. Tilgjengelig frå: <http://www.klimatilpasning.no/sektorer/bygg-og-anlegg/oppgaver/bygning/> [Lest 11. desember 2019].
- <sup>xxii</sup> Kulturrådet (11. desember 2019). *Prioritering i bygningssamlinger* [Internett], Kulturrådet. Tilgjengelig frå: <https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/publikasjon-prioriteringer-i-bygningssamlinger>
- <sup>xxiii</sup> Leden, S.: *Prioritering i bygningssamlinger*, Kulturrådet.
- <sup>xxiv</sup> Musea i Rogaland (2017) *Felles dokumentasjons- og innsamlingsplan 2017–2021*, Dalane Folkemuseum, Haugalandmuseet, Jærmuseet, Museum Stavanger, Norsk oljemuseum og Ryfylkemuseet.



Kulturdepartementet ba musea om å gjennomføra ei bygningsvernundersøking i 2019 i samband med arbeidet med ny museums-melding. I Rogaland valde dei fem regionmusea å samarbeida om arbeidet, og denne rapporten legg fram resultatet av undersøkinga saman med erfaringar frå bygningsvernarbeidet på musea i Rogaland. Rapporten er utarbeidd av bygningsantikvar i Fellestjenestene på oppdrag frå regionmusea i Rogaland.



DALANE  
FOLKEMUSEUM



JÆRMUSEET



HAUGA  
LAND  
MUSEET

 Ryfylkemuseet

